

Forskerforum

TIDSSKRIFT FOR NORSK FORSKERFORBUND



Universitetsdraumen

Noreg har på kort tid gått frå fire til seks universitet, og fleire høgskolar arbeider for universitetsstatus. Politikk, næringsliv og fagmiljø møtast og brytast i prosessar der bygging av regionar står sentralt.

– Dersom ein greier å gje universitetet legitimitet, og det vert bygd gode relasjonar til næringslivet, kan det spele ei viktig regionstyrkande rolle, seier geografiprofessor Jens Christian Hansen.

Nr. 4/2005 – 37. årgang
Tidsskrift for Norsk forskerforbund
Forskerforum blir redigert etter Redaktørplakaten.
Redaksjonen avsluttet 29. mars 2005.

REDAKSJON

REDAKTØR: Kjetil A. Brottveit (vikar)
REDAKTØR: Ingar Myking (permisjon)
BLADBUNAD: Ragnhild Gram

REDAKSJONSRAÐ

Martin Eide, professor UiB
Helge Salvesen, bibliotekdirektør UiTø
Reidun Høydal, Møreforskning/Høgskulen i Volda

ADRESSE

Forskerforum, Tollbugt. 35, 0157 Oslo
Telefon: 21 02 34 00
Telefaks: 21 02 34 01
E-post redaksjon: i.myking@forskerforbundet.no

Trykk/ekspedisjon: Øyvind Glomvik AS
ISSN 0800-1715
Opplag 17 000

ANNONSER

ANNONSE: Arne Aardalsbakke
Telefon: 64 87 67 90
Telefaks: 64 87 67 91
E-post: forskerforum@c2i.net

Format	
1/1 side	16900
1/2 side	11900
1/3 side	8500
1/4 side	6500

Stilling / kunngjøringer: kr 27,- pr spaltemm.
Alle priser er oppgitt ekskl. mva.

UTGIVELSESPLAN

nr. 4/2005	31. mars
nr. 5/2005	2. mai
nr. 6/2005	1. juni

Neste nummer: 2. mai. Deadline: 20. april. Redaksjonen forbeholder seg retten til å forkorte innsendte innlegg. Sender du inn stoff, legg ved diskett eller bruk e-post/attachment.

Internett: <http://www.forskerforbundet.no>

Omslagsillustrasjon: Heidi Ring/DIPP



aktuelt

5 NY FORSKNINGSMELDING

De viktigste aktørene i sektoren er begeistret for regjeringens nye forskningsmelding. – Regjeringen har vist en vilje til å satse på forskning som det bare gjenstår å applaudere, sier Kolbjørn Hagen, leder i Forskerforbundet.

6 UNIVERSITETSDRØMMEN

Norge har på kort tid gått fra fire til seks universitet, men det stopper trolig ikke der. Mange høyskoler arbeider enten alene, eller i samarbeid med andre høyskoler, for å oppnå universitetsstatus. Hva skal til for å lykkes? Hvilke problemer støter man på? Forskerforum gir en bred innføring i problematikken der lokaliseringssstrid, samarbeid med næringslivet og regional identitetsbygging er noen av stikkordene.

12 STILLINGSVERN

Regjeringen har i løpet av kort tid lagt fram forslag til både ny Arbeidsmiljølov og Embets- og tjenestemannslov. De ansattes organisasjoner mener lovforslagene innebærer et svekket stillingsvern.

14 NORSK SOM FAGSPRÅK

Når engelsken rykker fram i academia, hva skjer da med det norske fagspråket? En gruppe nedsatt av Språkrådet utarbeider strategier for norsk språkrokt i globaliseringens tid.

magasin

19 BYGÅRD MED NYTT LIV

Folkemuseet har rekonstruert en bygård med norske hjem fra 1885 til 2002. Publikumsoppgangen kan tyde på at det er minst like morsomt å mimre om fargebruken i hjemmet på 70-tallet, som å lære om livet i lafta røykstover fra en tid vi bare har et teoretisk forhold til.

22 EN TID FOR CLEMET

Kristin Clemet kan snart se tilbake på fire år som utdannings- og forskningsminister. Hva har hun fått til, og hvilke prinsipper arbeider hun etter? – I denne regjeringsperioden er det et faktum at forskning har vært en klar budsjettvinner, sier Clemet.

26 KRONIKK

Hva er dagens utfordringer for forskningen ved universitetene? "Universitetene må forsvare de ansattes rett og plikt til forskning," skriver Sigmund Grønmo og Anne Gro Veia Salvenes, henholdsvis rektorkandidat og prorektorkandidat ved Universitetet i Bergen.

forbundssider

33 FORBUNDET INFORMERER

33 INNSPILL: Forbundsleder Kolbjørn Hagen

34 INNSPILL: Nestleder Monica Martinussen

faste spalter

28 LESERBREV: Kristeva-debatten, tilbakeblikk på en høyskolekarriere.



Med universitet skal regionar byggast

RUNDT 1970 FEKK NOREG to nye universitet. Universitetet i Trondheim var resultatet av ei samanslåing av eksisterande akademiske institusjonar i 1968. Universitetet i Tromsø vart opna i 1972 etter framlegg av regjeringa i 1967 og stortingsvedtak året etter.

Det skulle gå over 30 år før nye universitet vart stifta, og denne gongen kom dei endå tettare i tid: Ås, eller skal vi seie Follo-regionen i Akershus, fekk Universitetet for miljø- og biovitenskap. Stavanger, eller skal vi seie Rogaland, fekk Universitetet i Stavanger.

NÅR EG LEGG VEKT PÅ regionane kring universiteta, er det ikkje tilfeldig. Ei rekkje norske høgskulemiljø arbeider for å verte universitet, og dei verkar svært avhengige av andre lokale og regionale interesser – politikarar og næringsliv – for å få det til. Høgskolen i Bodø (HBO) har sterke universitetsambisjonar. Denne formuleringa på heimesidene på internett oppsummerer kva som skal til: "Vi bygger Universitetet i Bodø i samarbeid med kommuner, arbeids- og næringslivet i Norland". HBO har alt sikra seg retten til domenet ubo.no på internett, og ingen treng vere i tvil om at det er gildare med ein U enn ein H fyrst i det forkorta namnet.

I DAG ER DET IKKJE regjering og Storting som står for opprettinga, men kvalitetssikringsorganet NOKUT, som på grunnlag av fagleg breidde og djubde, kan opne for universitetsstatus.

Då dei fylkesvise distriktshøgskulane vart etablerte på 1960-talet, var spreidd busetnad eit viktig argument. Dette kan vi kjenne att i dag. Det gjeld å halde oppe, eller auke, folketalet. I ein skjerpa konkurranse om studentar, skal universiteta bremse utflyttinga til dei gamle universitetsbyane, eller dra studentar frå andre landsdelar til seg. Fylkespolitikarar landet over vergår kvarandre i universitetsiver. "Et universitet vil helt klart heve statusen på høyere utdanning i vårt distrikt, som i neste omgang vil føre til at flere fra Telemark velger å utdanne seg i hjemfylket sitt," sa Bård Hoksrud, Frp, sitert i Telemarksavisa i vinter.

KVA ER ANDRE MOTIV for å verte universitet? Kva problem støyter ein på? Lat oss ta Høgskolen i Agder (HiA) som eit døme. Rektor Ernst Håkon Jahr ynskjer seg òg ein U fremst i namnet. Jahr er optimistisk, og har sagt til Fædrelandsvennen at HiA etter alle solemerke vert godkjend som universitet i løpet av året eller neste år. HiA har den siste tida fått avslag frå NOKUT på to nye doktorgradsstudium som skulle vere viktige byggesteinar i det eventuelle universitetet. Jahr legg stor vekt på økonomi når han grunnlegg strevet mot universitetsstatus: "Forskningsrådet deler i dag ut mer penger til forskning ved Universitetet i Tromsø alene enn til de 26 høgskolene vi har i hele landet. Dessuten betyr det svært mye for regionen å få et universitet. Ett lite eksempel: Da Stavanger nå fikk sitt universitet, ble det øyeblikkelig bevilget 125 millioner kroner i såkornmidler til regionen."

I TILLEGG TIL DEI offentlege løyvingane, kan status

som universitet utløyse store pengar frå industri og næringsliv. Kor tett skal ein binde seg til regionale økonomiske krefter? Skal den faglege profilen vere sterkt påverka av dei dominerande næringsgreinene i området, eller skal ein satse på ei meir nøytral, nokre vil seie vassen, breidde?

Harald Båslund er leiar for universitetsstiftinga i Agder. Han går i same avis langt i å tilrå utbreidd samanveving med næringslivet: "Legg strategien mot offshore/skipsfart, den metallurgiske prosessindustrien, olje/gass, mobilt IKT, internasjonalisering/ Grid/FN-universitet/bærekraftig utvikling, eller møt utfordringene til små og mellomstore bedrifter. Da kan HiA bli et annerledes universitet, ikke bare en dårlig kopi av Blindern."

SJEFREDAKTØR I Fædrelandsvennen, Finn Holmer-Hoven, følgjer opp: "Agder har ett av landets tyngste prosessindustri-miljøer. Vi har Norges fremste industrielle hydraulikk-miljø i kombinasjon med avansert boret teknologi. Og Sørlandets plastbåtindustri har hatt behov for avansert kunnskap om materialteknologi. For å nevne noen av de regionale næringslivsbransjene som ikke gjenspeiles i HiAs fagportefølje."

For å vise kor udugelege universitetsstrevarane i Agder er, let han seg freiste til umiskjenneleg akademikarforakt: "Stavanger huser landets petroleums-teknologiske ekspertise. Molde er blitt et nasjonalt senter for transportøkonomi. Bodø har bygget opp en spisskompetanse i marine fag til beste for landsdelen. Tromsø har fiskerihøgskole og en alternativ medisinutdanning. Og Kristiansands spisskompetanse? Matematikk-didaktikk?"

EIN KAN KNAPT FÅ EIN klårare demonstrasjon av trugsmåla lite næringsretta fagmiljø vert utsette for i ein slik omdanningsprosess. Tilsette fryktar at nokre fagfelt må vike plassen i utviklinga av nisseuniversitet. James Godbolt, historikar ved Høgskolen i Vestfold, seier det slik: "Det faglege tilbodet skal spissast for å verte synleg og attraktiv for studentar og næringsliv i regionen. Det er vel og bra, men vi må vere klare over at dette vil føre til nivåsenking for andre fag."

HAR NOKON HØYRT OM BTv-regionen? Kor i all verda ligg Vestviken? Historikar Godbolt kan vere innbyggjar i Vestviken før han veit ordet av det, for orda står for fylka Buskerud, Telemark og Vestfold. Dei tre fylkesordførarane har sett i gang ein prosess der målet er eit nytt universitet tufta på dei tre høgskulane i området. Berre klangen i ei nemning som "Vestviken" viser kva strev som ligg i å opprette nye nivå og forsøk på samkjensle der ho ikkje er sterk frå før. No er det ikkje nok å kjenne seg som til dømes fyresdøl, telemarking og nordmann, no vert ein i tillegg vestviking. Dersom eg i tillegg nemner stikkordet lokaliseringskonfliktar, vil dei fleste forstå at skiping av universitet kan skildrast med ord eg hugsar frå søndagsskulen: Det er mange skjer i sjøen.

Takk for meg

Eg har vikariert som redaktør i Forskerforum i vinter. Takk for tips, tilbakemeldingar og velvilje undervegs. Frå neste nummer av er Ingar Myking på plass att, medan underteikna vert fast journalist i bladet.

Les meir om universitetsdraumen på side 6-10.

Rekordår for antallet doktorgrader

Tall fra Doktorgradsregisteret ved NIFU STEP viser at 2004 ble et nytt rekordår med i alt 782 doktordisputaser ved norske universiteter og høyskoler. Dette er 59 flere enn i 2003 og 43 flere enn i det forrige toppåret 2002. I flere år har antall disputaser ved Universitetet i Oslo ligget på vel 230. I 2004 var det en markant økning til 266. Også Universitetet i Tromsø hadde en betydelig økning, mens Universitetet i Bergen holder nivået fra de foregående år. Ved NTNU har det derimot vært en svak nedgang i antallet doktorgrader i treårsperioden 2002-2004. Handelshøyskolen BI hadde nesten like mange disputaser som Norges Handelshøyskole i 2004. Økning i medisin, teknologi og humaniora i forhold til 2003 økte antall doktorgrader i det medisinske fagområdet. Blant annet har antall dr.med.-grader økt igjen. Også teknologi og humaniora hadde økning, mens det var en viss nedgang i samfunnsvitenskap. I 2004 ble det for første gang avlagt et større antall ph.d.-grader. Disse sprer seg over alle fagområder. Andelen kvinner blant doktorene gjorde et markant hopp i 2002, men har siden ligget om lag uendret. I 2004 utgjorde kvinnene godt over halvparten av doktorene i landbruksfag/veterinærmedisin. I teknologi



NTNU har en svak nedgang i antallet doktorgrader. (Foto: NTNU Info)

var derimot bare hver fjerde doktor kvinne. Andelen av doktorene med utenlandsk statsborgerskap er fremdeles høy i 2004, selv om den gikk noe ned fra 2003 – henholdsvis 19 og 21 prosent. I 2004 var hver fjerde doktor i medisin og matematikk/naturvitenskap utlending.

Abelprisen utdelt

Peter D. Lax, professor i matematikk ved New York University, ble 17. mars tildelt Abelprisen 2005. Lax får prisen "for sine nyskapende bidrag til teorien for og anvendelsene av partielle differensialligninger, samt for beregning av deres løsninger," sa Abelkomiteens leder, professor Erling Størmer, under priskunngjøringen.

En internasjonal komité av fem forskere innenfor det matematiske fagfeltet har vurdert de nominerte kandidatene og avgitt sin innstilling til styret i av Det Norske Videnskaps-Akademi.

Abelprisen er oppkalt etter den norske matematikeren Niels Henrik Abel (1802-1829).

Niels Henrik Abels minnefond ble etablert 1. januar 2002 med det hovedmål å dele ut en Abelpris for fremragende matematisk arbeid. Prisens størrelse er 6 millioner norske kroner (ca 725 000 Euro) og ble for første gang delt ut 3. juni 2003. Prisen vil bli overrakt av HM kong Harald i Universitetets Aula i Oslo 24. mai.

Tidsskrift som teller

Arbeidet med nominering av publiseringskanaler som skal gi særskilt uttelling for rapporteringsåret 2004 er sluttført, melder Universitets- og høyskolerådet (UHR). Publiseringskanalene, forlag og tidsskrifter, på det såkalte nivå 2 er gitt i to lister som kan leses på UHRs nettsider – uhr.no.

Listene er basert på et utkast som de nasjonale fagrådene og dekanmøtene fikk anledning til å modifisere og supplere høsten 2004. På grunnlag av disse innspillene har Faglig utvalg i prosjektet Dokumentasjon av vitenskapelig publisering foretatt den endelige fastsettelsen av nivå 2.

Sitatet:

At fem av 25 studenter i en forelesningssal hvisker fra alle kanter som var de parisiske horekunder er faktisk ett nytt fenomen på Universitetet. Med fare for å skuffe de som trodde navnet «Universitet» beskyttet mot enhver form for pubertal forstyrrelse: Universitetet er i startgroppen for disiplinproblemer.

Filosof og skribent
Hanne Andrea Kraugerud
i Morgenbladet

Ny rektorkandidat i Bergen

Professor og prorektor ved Universitetet i Bergen (UiB), Rune Nilsen, lanseres som rektorkandidat, skriver På Høyden. Dermed har to kandidater offisielt meldt seg på i kampen om vervet. Fra før har professor Sigmund Grønmo meldt seg som kandidat. 26 personer har stilt seg bak Nilsens kandidatur. Blant disse er to dekaner, flere prodekaner og to medlemmer av universitetsstyret. Disse ønsker samtidig professor i klinisk psykologi, Gerd Kvale, som ny prorektor. Mens Grønmo har blitt fremmet som leder for et rektorat med fire medlemmer, deriblant en nyopprettet viserektorstilling for internasjonale relasjoner, vil Nilsen få med seg én prorektor, om han blir valgt. Nilsen og Kvale skriver i programmet at det først og fremst er synet på

Lærerutdanningene skal evalueres. NOKUT har fått i oppdrag fra Utdannings- og forskningsdepartementet å evaluere allmennlærerutdanningen. Evalueringen starter tre år etter daværende Norgesnettrådets (NNR) evalueringer av allmennlærerutdanning, førskolelærerutdanning og praktisk-pedagogisk utdanning i Norge. Mens NNRs evaluering av allmennlærerutdanningen brukte fem høyskoler som eksempel og informasjonsgrunnlag, skal denne evalueringen dekke samtlige allmennlærerprogram. Den skal gi vurderinger av hvert enkelt av allmennlærerprogrammene, i tillegg til en generell vurdering av utdanningsfeltet. Det legges ikke opp til "målbare" vurderingsparametere eller noen rangering av programmene. Det viktigste er å få fram kvalitativ, god og generell kunnskap om norsk allmennlærerutdanning. Hovedtemaene er blant annet: Institusjonenes ledelse og styring, lærernes kompetanse, faglig nivå og kvalitet samt sluttkompetansen til studentene. Sluttrapporten er planlagt ferdig i juni 2006.

Ja og nei fra NOKUT

Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen (NOKUT) har offentliggjort nye innvilgede og avslåtte søknader om akkreditering. Diakonhjemmet Høgskole har levd opp til kravene for å bli akkreditert som høyskole og får dermed rett til å benytte betegnelsen akkreditert høyskole.

Høgskolen i Agder, Høgskolen i Bergen og Norsk Lærerakademi Lærerhøgskolen har alle fått godkjent sine kvalitetssikringssystemer.

Norges Informasjonsteknologiske Høgskole ble ikke akkreditert som høyskole. Styret i NOKUT viser til at institusjonen ikke fyller kravet om faglig kompetanse og FoU-virksomhet i henhold til standarder og kriterier for akkreditering av bachelorgradsstudier. Dette gjelder spesielt de desentraliserte studiestedene, Bergen og Stavanger. NOKUT-styret påpeker videre at disse studiestedene mangler fagbibliotek.

hva som er optimal størrelse på den sentrale ledelsen som skiller dem fram motkandidate-nes plattform. "I vår modell vil ledergruppen på UiB utgjøres av et lite rektorat i nær kontakt med og involvering av fakultetsledelsene", skriver Nilsen og Kvale. De mener dermed at det er stor konsensus om de viktigste målene for UiB framover. De ønsker likevel å stille til valg, blant annet for å skape alternativer og et demokratisk overskudd i rektorvalget. Kandidatene mener videre at deres sentrale rolle i utarbeidelsen av strategier for UiB gjør det naturlig "å fortsette å ta ansvar og å videreføre prosessene".

Fristen for å foreslå rektorkandidater gikk ut 16. mars, mens selve rektorvalget holdes 14. april.

Forskningsmeldingen

Lang rekke offensive nyheter

De viktigste aktørene i norsk forskning er samlet i sin applaus til regjeringen og Kristin Clemet for en konkret og relevant stortingsmelding som forplikter til satsing på en rekke områder.

Tidligere engstelse for en tom drøftingsmelding kan ha blitt gjort til skamme gjennom regjeringens presentasjon av forskningsmeldingen til Stortinget like før påske.

– Kristin Clemet har virkelig gjort en god jobb innad i regjeringen med denne meldingen, kommenterer professor Kirsti Koch Kristensen, rektor ved Universitetet i Bergen (UiB) og leder for Universitets- og høyskolerådet (UHR). Hun trekker fram nyheten i forskningsmeldingen om at prioritering av forskningsinnsats skal skje gjennom vekst – ikke omprioritering – samt at realfag, matematikk og teknologi får forrang i politikken.

Det nye vekstmålet for forskning i Norge er å bruke tre prosent av brutto nasjonalprodukt årlig innen 2010. Næringslivet skal stå for to tredjedeler av satsingen, mot rett i overkant av 50 prosent i dag, ifølge tall fra Utdannings- og forskningsdepartementet (UFD). Vekstbehovet for de offentlige bevilgningene vil tilsvare 5,8 milliarder kroner, melder Clemet.

– Vi kan ikke vite om vi har nådd det forrige vekstmålet før i 2007, fordi all statistikk er gammel, men det er 99 prosent sikkert at vi ikke har nådd det, sa utdannings- og forskningsministeren under presentasjonen av forskningsmeldingen.

Professorstipendiat

Ett av tiltakene i meldingen er at staten skal yte et tillegg på en fjerdedel av størrelsen på private bidrag til universitetene. I budsjettforslaget for 2006 vil regjeringen legge nye milliarder til Fondet for forskning og nyskaping. Som en prøveordning skal forskere kunne søke mindre beløp i støtte til konferanser og seminarer direkte fra sin institusjon, som får summen tilbake fra Norges forskningsråd. Veksten i stipendiatstillinger fortsetter med 350 i året. Samtidig blir det opprettet nye midlertidige kvalifiseringskontrakter for professorstilling. På næringsviden lover regjeringen stimulanter til private forskningstiltak, fortsatt gjennom blant annet FORNY- og SkatteFUNN-tiltakene.

– Det er et stort spørsmål hvordan man skal få næringslivet til å bidra så sterkt til vekst i BNP-andelen som det regjeringen legger opp til, sier generalsekretær Kari Kjenndalen i Forskerforbundet. Hun ser det som positivt at institusjonene får ekstra driftsmidler til å møte løpende behov hos forskerne. Den nye typen "professorstipendiat" er likeledes positiv, ifølge Kjenndalen, dersom institusjonene forplikter seg på å følge opp med professorstillinger etter at kvalifiseringstiden på fire til seks år utløper.

Svarer instituttene

Stor usikkerhet og bekymring var knyttet til hvordan regjeringen ville behandle insti-

tuttsektoren i forskningsmeldingen.

– Vi friskmelder sektoren, proklamerte Kristin Clemet under presentasjonen. Deretter lovet hun økt basisfinansiering av de teknisk-industrielle og miljørettede instituttene. En resultatbasert basisfinansieringsmodell er også med i forskningsmeldingen.

En avklaring av forholdet mellom universitetenes randsoneselskaper og den uavhengige instituttforskningen var neppe ventet i forskningsmeldingen. Ifølge statssekretær Bjørn Haugstad i UFD vil regjeringen kreve at universitetene utreder behovene i hvert enkelt tilfelle før man danner nye randsonestitusjoner. Nyheten ble godt mottatt av representanter for forskningsinstituttene.

– Samarbeid på campus er definitivt på tide, sier Wiktor Sørensen, styreleder i Forskningsinstituttene fellesforum. Sørensen sier at han er tilfreds med å ha fått gjennomslag i meldingen for "flere viktige saker for oss." Han påpeker imidlertid at tidligere forskningsmeldinger har lovet økt satsing på instituttsektoren uten å følge opp.

– Denne gangen tror vi imidlertid at man er nødt til å få det til, sier Sørensen.

Vanskelig oppfølging

Også andre ledere i forskningssektoren uttrykker glede over en gjennomgående forpliktende formuleringsmåte i Kristin Clemets stortingsmelding.

– Det virker på meg som om meldingen er tydeligere enn slike har vært tidligere, kommenterer NTNU-rektor Eivind Hiis Hauge overfor Forskerforum.

– Jeg registrerer at regjeringen vil gi ekstra gulrøtter til unge som vil utdanne seg til lærere i matematikkfaget. Dette liker jeg – at regjeringen tar tak helt fra bunnen i saken om å prioritere realfagene, sier Hiis Hauge. Han tror imidlertid ikke det blir lett å følge stortingsmeldingen opp budsjettmessig – uansett farge på kommende regjeringer.

– De neste årene må lederne i sektoren vår være pådrivere dersom vi skal få denne politikken gjennom i praksis, sier Hiis Hauge.

Også leder Kolbjørn Hagen i Forskerforbundet gir regjeringen og statsråd Kristin Clemet ros for politikken i forskningsmeldingen.

– Regjeringen har vist en vilje til å satse på forskning som det bare gjenstår å applaudere, sier Hagen. Han vil ikke gå med på at meldingen med sine ambisiøse mål må karakteriseres som urealistisk.

– Det virker som om Clemet har klart å samle oppslutning innad i regjeringen om en økt forskningsinnsats. Jeg tror ikke hun kunne ha vært så konkret i meldingen uten at dette var klarert innad i regjeringen, sier Hagen.

Av Andreas Høy Knudsen



NTNU-rektor Eivind Hiis Hauge mener forskningsmeldingen er tydeligere enn tidligere meldinger. (Foto: NTNU)



– Det er gledelig at prioritering kommer til å skje gjennom vekst, kommenterer UiB-rektor Kirsti Koch Christensen. (Foto: UiB)

Fakta

Forslag i forskningsmeldingen:

- Vekstmål på 3,0 % av BNP innen 2010, to prosent fra næringslivet
- 25 % "matching grants" fra staten ved ideelle gaver til universitetene
- Instituttledere kan ansettes i stilling som professor
- Ny kvalifiseringsstilling til professor, av 4-6 års varighet
- Toppfinansiering av EU-stipender
- Mer rapportering for å følge opp fagevalueringene
- Mer til brukerstyrt forskning og regionale innovasjonssentre
- Opprettelse av næringslivs-PhD
- Etablererstipend for kommersialiseringsprosjekter
- Felles finansieringsmodell for universiteter og høyskoler
- Eget høyskolerettet forskningsprogram
- Resultatbasert finansiering basert på tidligere NFR/EU-støtte og antall uteksaminerte PhD-kandidater
- Mer til disiplinbaserte frie prosjekter, fordelt gjennom NFR
- Forskere skal kunne søke egen institusjon om småbeløp til konferanser, reiser og lignende
- Mer til vitenskapelig utstyr innen naturvitenskap og tekniske fag
- Samarbeidsmodell for UH-sektoren og de eksterne næringsrettede forskningsinstituttene



Universitetsdraumen

Lang veg til universitet

– For at Noreg skal få fleire universitet må det finnast samlande aktørar som greier å gje dei legitimitet. Dei må også kunne sjå over småskoren rivalisering innan same region og ha gjennomslagskraft og vilje til harde faglege prioriteringar, seier geografiprofessor Jens Christian Hansen ved UiB.

Høgskulane vil verte universitet

Ås og Stavanger har nyleg fått universitet. Fleire høgskular jobbar mot same målet, men mange av dei er for små, manglar pengar, og/eller har for svakt rekrutteringsgrunnlag. I løpet av dei neste åtte åra kan det dukke opp fleire kandidatar i bunken til Nasjonalt Organ for Kvalitet i Utdanninga (NOKUT), det statlege organet som gjev universitetsakkreditering. Ein høgskule må til dømes ha fire doktorgradsstudium, fem mastergradsstudium og eit godkjent kvalitetssikringssystem for å vere kvalifisert til universitetsstatus.

Universitetsstatus fortel at eit fagleg miljø har gjort seg fortent til avansement. Det kan gje meir midlar til forskning og utdanning både frå staten og næringslivet, og dermed trygge eksistensen til fagmiljøa. Dessutan verkar det attraktivt på fleire studentar og det går betre i hop med internasjonale utdanningssystem. Strategiane for å få universitetsstatus vekslar og fagmiljøa plasserer seg på ulike stader frå målstreken. Nærare samarbeid med næringslivet, distriktpolitiske omsyn og regional identitetsbygging er noko av det som vert handsama som metodar for å realisere ambisjonane.

Forskerforum har kikket på kva som rører seg i debatten kring nokre av desse høgskulane, og freistar i dei følgjande artiklane å sette regionale utdannings- og forskingsinstitusjonar i ei lett historisk ramme, sjå noko nærare på korleis enkelte av dei legg planar vidare for ein gong å verte universitet – og kva vanskar som dukkar opp i slike prosessar.

Høgskulemiljøa ynskjer universitetsstatus, men utfordringane dei står framfor er svært store. Ein av dei som vurderer vegen til høgskulane som lang og krevjande er professor i samfunnsgeografi Jens Christian Hansen ved UiB. Hansen har lang fartstid innan norsk regionalforskning, og seier at universitetsambisjonane innleiingsvis bør sjåast i eit historisk lys.

– Ottosen-utvalet sitt arbeid på 1960-talet la grunnlaget for ei utbygging av tilbodet for høgare utdanning i Noreg, ut over universiteta. Situasjonen var at stadig fleire ville studere og stadig fleire studentar var ønska. Ideen om regionalt tilpassa kompetansesentra materialiserte seg då Stortinget vedtok å etablere distriktshøgskular i dei fleste fylka. Desse høgskulane vart distriktpolitiske symbol for kompletteringa av utdannings-Noreg. I kjølvatnet av stortingsvedtaket følgde då mang eit slagsmål om kvar i fylka skulane skulle ligge. Fleire stader førte det til at høgskulane vart delte i einingar, seier Hansen.

Uro for forskingskvalitet

– Distriktshøgskulane skulle utdanne arbeidskraft og var ikkje tiltenkt forskingsoppgåver. I åra som gjekk danna det seg semje om at det var behov for anvendt forskning også i regionane. Utover 1970-talet vart det, etter initiativ av Kommunaldepartementet, oppretta fleire forskingsstiftingar. Nordlandsforskning, Rogalandsforskning og Agderforskning er nokre døme. Dette var forskingsinstitusjonar som skulle tilpasse seg regionale behov. Noko av grunnen til at dei vart oppretta var også ein politisk skepsis til å berre satse på sentraliserte forskingsinstitusjonar som universiteta. Stiftingane var dels finansierte gjennom Forskingsrådet, og dels måtte dei sjølv marknadsføre seg i regionane.

Stiftingane var eigne einingar. Enno var det å tillegge distriktshøgskulane forskingsoppgåver eit svært omdiskutert emne. Dei

mest skeptiske røystene fann ein ved universiteta og i Kyrkje- og utdanningsdepartementet, der ein var urolege for kvaliteten på slik forskning.

Det oppstod likevel etter kvart eit samarbeid mellom stiftingane og distriktshøgskulane. Ingen kunne forby samlokalisering eller utveksling av arbeidskraft mellom einingane. Framover 1970- og 1980-talet stod Volda, Bodø, Lillehammer, Stavanger og Agder fram som døme for eit relativt vellukka samkvem mellom desse partane, fortel Hansen.

– Neste fase kom med statsråd Gudmund Hernes og Høgskulereforma på byrjinga av 1990-talet. Det hadde vakse fram ei rekke tilbod innan postgymnasial utdanning utanfor universiteta. Ministeren ville ha færre einingar og redusere talet på små og mindre effektive administrasjonar. Det var naturlegvis problematisk å gå frå nærare hundre høgare utdanningsinstitusjonar i regionane til 25 statlege høgskular. Samlokalisering var då som no eit ømt emne. Mange stader hausta reformarbeidet massiv kritikk, seier Hansen.

Skjør identitet

– Universitetsambisjonen som no veks fram ved høgskulane kan kallast for ein fjerde fase i høgskulesoga. Høgskulane i samarbeid med forskingsstiftingane tek sjølv til orde for samanslåing og samarbeid, seier Hansen.

– I kva grad trur du dei vinn fram i arbeidet med å verte universitet?

– Eg trur vi kan få eitt nytt universitet i Noreg. Om vi held oss til ei regioninndeling, så har landsdelane, med unntak av Sørlandet, no fått universitet. Eg trur Agder har ein god sjanse til å verte det neste. Her har HiA og Agderforskning eit godt samarbeid, rekrutteringsgrunnlaget er brukbart og regionen har eit sterkt sentrum i Kristiansand og eit næringsliv å spele på lag med. Både i innlandet (Lillehammer, Gjøvik, Hamar, red.merk.), Nord-Noreg og Møre og Romsdal har dei store utfordringar i å einast om kvar eit universitet skal ligge. Lokaliseringsspørsmålet vert rett og slett for vanskeleg. I Østfold er rekrutteringsgrunnlaget for snautt, og i regionen Buskerud, Vestfold og Telemark kan dei greie det, men då vil det vere avgjerande at samarbeidet om lokalisering vert vellukka.

– Kva då med universitet som ein paraplyorganisasjon, slik dei tenkjer seg det nettopp for Vestviken, altså Buskerud, Vestfold og Telemark, med desentraliserte einingar innanfor same administrasjonen?

– Det kan gå. Likevel må administrasjonen leggjast ein stad i Vestviken. Det er mange døme i dette landet på at ein løyser geogra-



– Det er mange døme i dette landet på at ein løyser geografiske lokaliseringskonflikter ved å ikkje sentralisere noko som helst, seier professor i geografi, Jens Christian Hansen.

(Foto: Universitetet i Bergen)

fiske lokaliseringskonflikatar ved å ikkje sentralisere noko som helst. For at arbeidet skal bere frukter må ein greie dette. Ein må også vise vilje til å velje bort enkelte fag for å satse sterkare på andre, slik Stavanger har gjort og vunne fram med. Stavanger viser oss også at det er avgjerande at regionen har tillit til prosjektet og at både forvaltning og næringslivet ser verdien av det. Då trengst det sterke og samlande aktørar som kan overtyde samfunnet. Stavanger hadde dyktige folk som såg over småskoren rivalisering, og dei hadde vilje til å satse på enkelte fagfelt.

– Som regionbygger og samlande symbol, kor viktig er då eit universitet?

– Dersom ein greier å gje universitetet legitimitet og det vert bygd gode relasjonar til næringslivet, kan det spele ei viktig regionstyrkande rolle. Omgrepet "regional identitet" vert mykje brukt av politikarane som eit noko vagt honnørord. Ekte regional identitet byggjer på djupe strukturelle vilkår og ofte er heller ikkje det nok. Vert det geografiske området for stort, vert identitetskjenninga veikare. Ideen om å skape ein regional identitet i Vestviken er eit langt ark å bleike. Ein hordalending, kva er no det? Og ein møre og romsdaling finst knapt, seier professor Hansen.

Av Karl H. Ystanes

Jens Christian Hansen trur
Høgskolen i Agder ligg godt an
til å verte det neste universitetet.
(Foto: Scanpix)



«Universitetsdraumen» held fram på neste side ►►

Likestillingsgrupper ved Harvard


Det vekte stor merksemd då rektoren for Harvard University, Lawrence Summers, nyleg hevda i ein tale at kvinner har dårlegare medfødde talent i naturvitskap og teknikk. Etter mange protestar har Summers freista å bøte på skaden ved å opprette to likestillingsgrupper ved universitetet. Den eine skal kome med konkrete framlegg til å fremje karrieren til kvinnelege akademikarar. Den andre skal arbeide med spørsmål om kvinner innanfor naturvitskap og teknikk. Dei skal vere ferdige med arbeidet sitt 1. mai i år, slik at eventuelle framlegg kan gjennomførast alt frå hausten. "I have long been aware of the many challenges women face in pursuing academic careers, but in the past several weeks the nature and extent of these challenges have been made particularly vivid to me", seier Lawrence Summers i ein fleirtydig kommentar.

Professorar mot politisk kontroll

USA: American Association of University Professors (AAUP) har nyleg uttrykt uro over forsøk på auka politisk kontroll over universiteta i fleire delstatar og på føderalt nivå. Dette kan gjelde politikarar som legg seg opp i kor universitetslærarar høyrer heime ideologisk, og på kven som vert inviterte som gjesteførelsesarar. Konservative opinionsleiingar har gjennom samordna aksjonar i fleire delstatar prøvd å få gjennom ei "Academic Bill of Rights". Motivet er å sikre større politisk mangfald på universiteta. AAUP meiner at denne erklæringa inneber innblanding i lærarane sin rett til å leggje opp kurs og program: "Whether the issue is the choice of assigned texts, the structure of a curriculum, scholarly review of a colleague's work, or invitations to guest scholars or speakers, keeping political controls out of the classroom is key to the protection of academic freedom."

USA: Granskar marknadstenking

Korleis kan ein halde oppe ideala om offentleg høgare utdanning i ei tid prega av marknadstenking? Spørsmålet vert stilt i ein rapport som nyleg vart publisert av "The Futures Project", med base ved Brown University. Oppgåva til prosjektet er ta vare på "the public mission that has long been central to academe". Rapporten melder om at mange offentlege universitet held på å miste sine gamle ideal til dømes når det gjeld behovsprøvde stipend, eller forskning som vert styrt av kommersielle interesser. Offentlege budsjettnedskjeringar tvingar òg delstatsuniversiteta til å krevje høgare studieavgifter, noko som påverkar den sosiale rekrutteringa.



Den vanskelege lokaliseringsdebatten

Fylkesordførar i Vestfold, Anne Rygh Pedersen (Ap), håpar høgskolane i Buskerud, Vestfold og Telemark (BTV) kan danne eit universitet saman. Ho ser for seg ein felles administrasjon, men kvar den skal leggst er ein debatt ho vil vente med. Rektor Halvor Austenå ved Høgskolen i Vestfold rår til at ein legg lokaliseringsdebatten daud.

Fylkesordførarane i Buskerud, Telemark og Vestfold har sett i sving ein prosess der dei skal sjå på moglege samanslåingsmodellar for dei tre høgskolane i fylka. Fylkesordførar i Vestfold, Anne Rygh Pedersen, seier dette ein gammal diskusjon som dei no ynskjer å gje nytt trykk.



Fylkesordførar Anne Rygh Pedersen i Vestfold meiner ei prioritering i fagtilbodet ikkje er til å unngå om regionen Vestfold, Buskerud og Telemark vil skaffe seg eit universitet.

– Vi har vore i møte med representantar frå dei tre høgskolane. Alle har dei signalisert universitetsambisjonar. Difor er det no teke eit initiativ til å gå nærare inn i saka. Innleiingsvis er det satt ned ei startgruppe som består av fylkesordførarane og rektorane ved skulane. Gruppa skal sjå på moglege måtar å ta saka vidare på.

– Kvifor er det ynskjeleg med eit universitet for desse tre fylka?

– Regionen har eit tilbod til utdanning som i dag er for dårleg, og det er vanskeleg å få tak i kompetent arbeidskraft, seier Rygh Pedersen. Ho meiner dessutan at BTV-regionen, eller Vestviken som den har blitt kalla, treng eit universitet som kan bidra å bygge ein sams regional identitet for dei tre fylka.

– Korleis skal eit eventuelt nytt universitet for Vestviken sjå ut?

– Det er for tidleg å seie, men truleg vil det ha form av eit nisjeuniversitet der ein satsar meir på fagfelt som institusjonane i dag er gode på. Vi ser for oss at dei tre høgskolane vert slegne saman, men der undervisninga framleis vil vere desentralisert. Dette er mogleg då høgskolane har fagfelt som ikkje konkurrerer med kvarandre.

– Dersom enkelte fagfelt vert favoriserte, vil ikkje det då gå ut over andre fag?

– Jo, men her må vi vere villige til å prioritere. Dessutan har vi jo i dag tre høgskoler med fleire sams fag. Ei annleis ressursfordeling kan vere eit alternativ, seier fylkesordføraren, som ser føre seg ein felles administrasjon for nisjeuniversitetet. Ho gjev seg ikkje i kast med å plassere administrasjonen geografisk med det fyrste.

– Lokaliseringsdebatten er berre ein av mange omfattande diskusjonar me skal gjennom framover, seier Anne Rygh Pedersen.

Telemark vurderer sololøp

Styret for Høgskolen i Telemark (HiT) har vedteke ein strategi som seier at høgskolen skal få universitetsstatus innan 2013. I vedtaket står deretter "åleine, eller saman med andre". Direktør Nils Røttingen ved HiT forklarar det ved at ein fyrst ynskjer å sjå om Telemark er i stand til å ta løftet åleine, eller om det vil vere naudsynt å samarbeide med andre.

– Kor viktig er det for regionen at Telemark får eit universitet?

– Av gode argument for at høgskolen bør verte universitet, er rolla som regionsbygger det aller viktigaste. Institusjonane si rolle som regionale utviklingsaktørar gjer seg gjeldande på fleire felt, mellom anna innan innovasjon, omstilling og vekst. For å møte framtida må regionen ha den beste og høgste kompetansen. Då vil institusjonen vere best mogleg rusta til å utføre samfunnsoppdraget som regionbygger. Ein annan ting er at eit høgare fagleg nivå opnar andre finansielle kanalar ut over statsbudsjettet.

– Kven kan det vere aktuelt å samarbeide med dersom de finn at de ikkje vil stå åleine?

– Det er ope enno. Det mest naturlege er gjerne Vestfold og Buskerud, men vi ser også mot Agder, jamvel om dei er komne så langt at dei er i stand til å fullføre åleine, seier direktør Nils Røttingen.

Anne Rygh Pedersen ynskjer ikkje å kommentere kva manglande påmelding frå Telemark vil ha å seie for vidare universitetsplanar i Vestfold og Buskerud.

– No må først arbeidsgruppa sjå kva alternativ som finst. Universitetsambisjonane frå Telemark er klare, og dei er nok komne lengst i løypa også. Men i eit samarbeid er vi og Buskerud dei naturlege naboane, seier

Nederlandske demonstrasjonar

Rundt 200 studentar ved Amsterdams universitet vart nyleg arresterte etter at dei storma administrasjonsbygningen. Aksjonen var ein protest mot auken i studieavgiftene for dei som ikkje har klart å ta grunneksamen innan fem og eit halvt år. Dei kan i framtida verte tvinga til å betale rundt 37.000 norske kroner per studieår for å halde fram. Studentane sa fyrst at dei hadde tenkt å okkupere bygningen inntil dei fekk forhandle med regjeringa, men politikanane ville ikkje snakke med demonstrantane før aksjonen var over. Då studentane nekta å forlate universitetet, vart politiet tilkalla. Studentane har òg kravd å få større innverknad på utdanningspolitikken.

Australsk universitetssamarbeid

"Ingen universitet kan gjere alt på eiga hand i dag. Derfor må ein skipe strategiske partnerskap." Det sa rektor ved The Australian National University, Ian Chub, som ein kommentar til samarbeidsavtalen som nyleg vart inngått mellom hans eige universitet og University of Sydney. Både universiteta har ein svært sterk posisjon i Australia, men no har dei som mål å utvikle sams forskingsprogram og til saman konkurrere om midlar til desse. Samarbeid innan både grunn- og forskarutdanninga er òg med i planane. Det skal dessutan verte lettare for dei fagleg tilsette å flytte mellom dei to universiteta.

Reformer i Oxford

University of Oxford har nyleg sendt ut to debattokument til tilsette og studentar. Det eine handlar om akademisk strategi og analyserer korleis universitetet skal kunne halde fram med å hevde seg som ein verdsligande lærestad. Det andre dreier seg om administrative struktur. Det kjem blant anna framlegg om sterkare makt-sentralisering gjennom å opprette eit "academic council" med representantar frå alle college pluss nokre andre utvalde representantar. Vidare kjem det framlegg om å skipe eit "board of trustees" med medlemmer som vert rekrutterte frå eige universitet, og med oppgåva å diskutere viktige strategispørsmål om universitetets framtid.

Rygh Pedersen.

Redd lokaliseringsspørsmålet

Rektor Halvor Austenå ved Høgskolen i Vestfold (HiVe) er noko meir varsam i sine visjonar for academia i Vestviken. Han seier at det er bestemt at høgskolen skal opp på eit universitetsnivå, men at planen for å nå dette målet enno ikkje er klar.

– Vi ynskjer å heve og spisse det faglege nivået ved skolen, både for å vere meir interessante for rekruttering i regionen og for å hevde oss internasjonalt. Vi må bygge alliansar med dei nærliggande høgskolane for å greie dette, men høgskolestyret møtes den 16. mars, mellom anna for å drøfte dette nærare.

– *Kva er det å tene på slå dei tre høgskolane saman og gå for eitt universitet?*

– Med eit rekrutteringsgrunnlag frå Drammen til Grenland, ville vi hatt ein halv million menneske i regionen. Rekrutteringsmessig kan det vere nok for eit universitet. Vi treng dessutan å heve det faglege nivået og gjere oss endå meir attraktive som utdanningsinstitusjon i regionen. Samstundes gjeld det å finne samarbeidsmåtar og alliansar som ikkje trugar arbeidsplassane og fagmiljøa vi har ved høgskolane frå før.

– *Trugar denne prosessen HiVe?*

– Telemark vil styrke Grenland, og Buskerud vil styrke Drammen. Då har vi tre institusjonar som ligg innanfor eit relativt lite geografisk område. Det kan føre til ein destruktiv konkurranse vi må styre unna.

– *Meiner du at de må styre unna lokaliseringsspørsmålet?*

– Ja. Det viser seg frå liknande saker andre stader i landet at dei har blitt ståande heilt fast når lokaliseringsspørsmål dukkar opp, seier Austenå, som ser føre seg eit universitet som ein overbygning for HiT, HiVe og HiB, tufta på alliansar og samarbeidsformer der einingane dreg vekslar på kvarandre, framfor

HiT

Høgskolen i Telemark har avdelingar i Skien, Porsgrunn, Rauland og Bø. Høgskolen har 4500 fulltidsstudantar og 490 årsverk. HiT har ikkje rett til å dele ut doktorgradsstudium åleine, men det ligg føre planar for tre slike studium innan gass og energisystem, kulturfag, og miljø og genetikk. Høgskolen har åtte mastergradsstudium. Kvalitetssikringssystemet for høgskolen er evaluert og godkjent i 2004.

HiVe

Høgskolen i Vestfold er lokalisert ved Eik i Tønsberg og Bakkenteigen i Horten. HiVe har 3100 studantar og 365 tilsette. Høgskolen tilbyr masterstudium i helsefremjande arbeid og mikrosystemteknologi (august 2005). Mastertilbod innan pedagogiske tekstar ligg til godkjenning. I samarbeid med andre har høgskolen mastertilbod innan spesialpedagogikk og barnehageutvikling.

HiBu

Høgskolen i Buskerud har avdelingar i Drammen, Hønefoss og Kongsberg. Skolen har over 2700 studantar, 220 tilsette og 40 studietilbod. Høgskolen tilbyr masterstudium i klinisk helsearbeid, utdanningsleiing og økonomi og administrasjon.

tradisjonelle modellar for kompetansedeling.

– *Når kan vi få sjå eit Vestviken Universitet?*

– I planane vi går etter kan dette kome kring 2012-2015. Dersom vi vil, seier Austenå.

Av Karl H. Ystanes (tekst og foto)

«Universitetsdraumen» held fram på neste side ►►

Samarbeid universitet – næringsliv

Storbritannia: Initiativa for å styrke sambandet mellom høgskular/universitet og næringslivet har vore framgangsrike, heiter det i ein ny rapport. Dei fleste universitet og høgskular har oppretta kontakt med verksemder, og rapporterer at dei no kan hjelpe små og mellomstore verksemder med å definere behova for "kvalifisert kunnskapsoverføring". Inntektene utdanningsinstitusjonane får av denne konsulentverksemda har auka med nær 40 prosent. Den britiske regjeringa har dei siste åra løyvd mange millionar pund i eit "Higher Education Innovation Fund" for å støtte samarbeidet.

Engelske senter for utdanningskvalitet

Higher Education Funding Council for England (HEFCE) har sett av 300 millionar pund til å skape nye senter for utvikling av kvaliteten på grunnutdanninga. 74 av 259 søknader er utvalde, og midla har i stor grad gått til universitet og høgskular med forverra økonomi på grunn av konsentrasjonen av forskingsressursane til færre universitet. Plymouth har til dømes fått fire senter, medan berre eitt har gått til Oxford. Dei utdelte beløpa ligg på mellom 200.000 og 500.000 pund, og finansieringa kjem til å verte fordelt over dei neste fem åra. Pengane kan brukast både til stillingar og infrastruktur.

Færre britar studerer språk

Storbritannia: Frå 1998 til 2002 har talet på studentar i moderne språk i Storbritannia minka med 15 prosent. Det har blant anna råka fagområde som russisk og nordiske språk som bår har fått 27 prosent færre studentar. Faget fransk har gått ned med 19, og tysk med 17 prosent. Dette går fram av ein rapport som utdanningsdepartementet i London hadde tinga, og som nyleg vart publisert. Reduksjonen uroar regjeringa og er eit slag mot deira "national languages strategy". Ei årsak til studentnedgangen er truleg at stadig færre elevar lærer utanlandske språk i vidaregåande skule. Nedgangen fører til at stadig fleire språkinstitutt vert nedlagde. Leeds University har flest som studerer utanlandske språk i dag, med University College London og Oxford på plassane bak. I rapporten kjem det framlegg om at regjeringa skal utrope visse språkfag som strategisk viktige. Opposisjonen har nytta høvet til å gå til åtak på utdanningspolitikken i dag. Det konservative partiet seier at ein bør tilby stipend på tilsvarande knappe 24.000 kroner til dei som vil studere språk, matematikk eller naturvitskap.

Polske rektorar protesterer

Polen: Ein lovproposisjon om høgare utdanning har vore venta lenge, men no vert han etter alt å dømme forseinka. Parlamentet strauk nyleg framlegget om at det polske Rektormøtet skulle få status som rettssubjekt. Eit kontroversielt framlegg om at utdanningsministeren, under særskilde omstende, skal kunne seie opp rektorar, står ved lag. Rektorane ser framlegget som eit åtak på autonomien til institusjonane, og som ei tilbakevending til ei tid då ein kunne kvitte seg med brysame rektorar. Rektormøtet har sendt eit svært skarpt brev til presidenten der ein avviser heile proposisjonen. Ordføraren for kommisjonen som har vore i leiinga for proposisjonsarbeidet har gått av i protest. Lovverket for høgare utdanning som gjeld i dag er frå 1990 og forelda på fleire måtar. Det har blant anna vore ein stor ekspansjon av private institusjonar for høgare utdanning dei siste 15 åra.

USA: Auka pengegåver til universitet

Donasjonane til universitet og høgskular i USA auka med 3,4 prosent i fjor. Det viser ein nyleg offentleggjord statistikk frå Council for Aid to Education (CAE) ved RAND Corporation. Gåvene var totalt på vel 24 milliardar dollar, og nesten halvparten av pengane kom frå enkeltpersonar, noko som er ei auke på nær 10 prosent samanlikna med 2003. Harvard fekk aller mest i pengegåver for andre år på rad – 540 millionar dollar. På andreplass kom Stanford med 524, og deretter Cornell med 386 millionar dollar. Dei tradisjonelt største gjevarane stiftingar og tidlegare studentar. Stiftingane stod i fjor for rundt 25 prosent av donasjonane, medan tidlegare studentar gav vel 27 prosent. Statistikken viser at heile 13 prosent av dei tidlegare studentane støt dei gamle lærestadene sine økonomisk.



Fryktar nivåsenking

Fyrsteamanuensis James Godbolt ved Høgskolen i Vestfold fryktar at universitetsprosessen i Buskerud, Telemark og Vestfold kan truge det generelle fagtilbodet.

– Fleire fag må lide til fordel for enkelte som skal reindyrkast i eit nisjeuniversitet, seier historikaren.

James Godbolt har undervist ved høgskolen i Nesna og Alta før han kom til Høgskolen i Vestfold i 1992. Han deler oppfatninga av at det faglege nivået bør hevast ved høgskolen han jobbar ved, men er ikkje overtydd om av universitetsstatus er einaste saliggjerande.

– Langvarig slagsmål

– Det faglege nivået ved Høgskolen i Vestfold kan med fordel hevast, og det er hyggeleg at politikarane også no ynskjer dette. Når eg stiller meg skeptisk til eit framtidig universitet for regionen som vert kalla "Vestviken", er det av andre grunnar. Eg trur lokaliseringsdebatten kring ein felles administrasjon og ressursfordeling vil verte eit langvarig slagsmål. Det er langt frå sikkert at Høgskolen i Vestfold vil kome så heldig ut. Prosessen fram mot ein universitetssøknad vil også måtte føre til knallharde økonomiske prioriteringar, noko som igjen vil skape konflikter mellom fagdisiplinane, seier Godbolt.

Historikaren meiner dessutan at debatten så langt har skugga for eit alvorlegare problem. Han fryktar fagprofilen vil verte svekka dersom høgskolane skal satse på enkelte fag for å nå eit høgt nok kompetansefelt. Motivet bak ambisjonane om å nå universitetsnivå har vore å betre fagtilbodet. Godbolt fryktar at det motsette kan verte resultatet.

Spissing av tilbod

– Lokaliseringsdebatten og diskusjonar kring tenelege modellar for arbeidsdeling mellom høgskolane, har teke all merksemda. Høgskolen i Vestfold risikerer å bli riven i bitar av to sterke naboar. Men eg er meir uroleg for dette med spissing av fagtilbodet. Det er vel og bra at motivet er å verte synleg og attraktiv for studentar og næringsliv, men me må vere klar over at dette vil føre til nivåsenking for dei faga som ikkje vert valde ut. Noko må vike.

I dag er det realfaga som tel. Då kan det sjå skummelt ut for samfunnsfag og humanistiske fag i vår region, seier Godbolt.

– *HiVe har ambisjonar om å heve det faglege nivået til universitetsstandard. Det er vel uråd å greie det utan å samarbeide med andre?*

– Ja, no har me eit fagleg samarbeid i dag, både med andre høgskolar og universitet. Eg høyrer nok til mindretalet som har trua på mindre forskings- og utdanningseiningar, og stiller meg ikkje alltid automatisk positiv til sentralistiske stormodellar. I dag er det nesten ulovleg å meine at små institusjonar kan fungere godt samfunnsmessig. Samstundes ser eg verdien av eit styrka forskingsmiljø. Det finst ingen eintydige svar her, men vi lever i ei tid der ein meiner at tilbodet vert betre til meir ein sentraliserer. Det stiller eg meg skeptisk til, seier historikaren.

Stordriftsfordelar?

– *Fryktar du omfordeling av ressursar?*

– Ja. Her kan det bli både vinnarar og taparar.

– *Korleis ser du føre deg arbeidsstaden din ved eit eventuelt universitet i Vestviken i 2013?*

– Mest truleg som ein paraplyorganisasjon for høgskolane. Dei største avdelingane vil vere bevart. I dag er høgskolane spreidde over Bø, Rauland, Skien, Notodden, Horten, Tønsberg, Hønefoss, Drammen og Kongsberg. Eg er redd stordriftsfordelane ikkje vil vise seg. Dinstert ser eg for meg eit kjempeslagsmål mellom regionssentra om kvar administrasjonen skal ligge. Dersom det går mot eit nisjeuniversitet med spissa fagtilbod, til dømes innan tekniske matematiske fag, vil vi også ha ein region som vil byrje å etterspørje sjukepleiarar, samfunnsvitatar og lærarar, seier James Godbolt med eit skeivt smil.

Av Karl H. Ystanes (tekst og foto)



– I dag er det bannlyst å tenke at små institusjonar kan fungere godt samfunnsmessig, seier James Godbolt ved Høgskolen i Vestfold.

Studenter klager på "Jenter og Data"

NTNU: To mannlige studenter ved IKT-studiene har meldt inn prosjektet "Jenter og Data" til Likestillingsombudet, skriver digi.no. Formålet med prosjektet er å øke antallet kvinnelige teknologer i IT-bransjen. Studentene føler seg diskriminerte, blant annet fordi de ikke fikk delta på et kurs i matematikk høsten 2004. Representanter fra prosjektet svarer: – Det er ikke Jenter og Datas ansvar å sikre at flest mulig gutter trives og fullfører IKT-studiene, siterer digi.no.

Umoralsk sløsing på nettuniversitet

Storbritannia: En komité i Underhuset som har gransket det fallerte "UK e-University" uttaler at nettuniversitetet var en grusom sløsing med offentlige midler, melder Norgesuniversitetet på nettet. Komiteen fordømmer blant annet topplerens bonus på en halv million kroner på toppen av hans faste lønn på over to millioner kroner årlig, som "totalt uakseptabelt og moralsk uforsvarlig". Nettuniversitetet ble lansert i 2000 med 800 millioner kroner i statlig finansiering.

Mer forskning i næringslivet

Norske bedrifter har doblet satsingen på forskning og utvikling de siste to årene, melder nrk.no. Ifølge en undersøkelse gjort av Forskningsrådet brukte norske bedrifter 10 milliarder kroner på forskning og utvikling i fjor. NRK tilskriver mye av økningen mulighetene for skattefradrag som ligger i Skattefunn-ordningen. Skattefunn ble innført for to år siden med målsetningen å stimulere norske bedrifter til å satse mer på forskning.

Ledelsesstruktur

Tempoplanen sprakk i Tromsø

Universitetet i Tromsø: Forslag om enhetlig ledelse ved avdelingene og adgang til eksterne instituttledere ble ikke styrebehandlet i mars som planlagt.

Innføring av enhetlig ledelse på avdelingene og instituttene ved Universitetet i Tromsø (UiTø) skjer ikke i det tempoet som universitetsstyret har lagt opp til. Et dekanutvalg ved UiTø ledet av SV-fakultetets dekan Synnøve Jenssen, la fram sin innstilling om ny lederstruktur i slutten av februar. Deretter fikk universitetets ansatte mindre enn to uker til å sette seg inn i forslagene og komme med tilbakemelding på et allmøte – før styret etter planen skulle fatte bindende vedtak den 10. mars.

Styret måtte imidlertid utsette vedtaket med knappst mulig flertall, og flere av de eksterne representantene spurte om universitetet lider av beslutningsvegring. I april fremmes styresaken på nytt.

– Saken er omfattet av en enorm lidenskap fra begge sider, og personlig mener jeg at universitetet er tafatt når det kommer til å endre lederstrukturen, sier Heidi Meland, ekstern representant i UiTø-styret. Hun mener eksternt press er påkrevd hvis man vil endre universitetets organisasjon.

Representant for de vitenskapelig ansatte i UiTø-styret, professor Einar Niemi, sier til Forskerforum at grunnleggende prinsipielle



– Vi har klart å gjøre alt som har blitt krevd av oss fra kvalitetsreformen. Det viser at dagens ledelsesmodell fungerer, hevder professor Einar Niemi, vitenskapelig representant i UiTø-styret.

Fakta

Forslag ved UiTø

- Universitetet i Tromsø får enhetlig linjemo-
dell under toppledelsen, bestående av
rektor og universitetsdirektør
- Instituttledere ansettes av fakultetsstyret
og rapporterer til dekan
- Dekaner ansettes av universitetsstyret og
rapporterer til rektor, men i noen saker til
universitetsdirektør
- Lederne skal være faglig aktive og får
stillinger med krav til administrasjons- og
lederkompetanse
- Lederne får beholde administrativt nøk-
kelpersonale

spørsmål hindrer institusjonen i å tvinge gjennom vesentlige endringer på kort tid.

– Man bør undersøke hvor skoen trykker med dagens ledelsesstruktur før man endrer den, sier Niemi.

Ikke «top-down»

Dekanutvalget foreslår at instituttene innstiller en leder overfor fakultetsstyret, som deretter tilsetter vedkommende for fire år ad gangen. Kandidaten kan også være ekstern. Dekanutvalget mener det er opp til instituttstyrene selv å involvere sine fagmiljøer fram til tilsetningen og dermed ta hensyn til universitetsdemokratiet. Den nye instituttlederen får daglig linjeansvar for personalet, hun blir styreleder for instituttet og får plass i fakultetsstyret, ifølge forslaget til dekanutvalget.

– Teamarbeidet i ledelsen skal bli sterkere, og faglig leder skal ha siste ord, sier SV-dekan Synnøve Jenssen til Forskerforum. Hun påpeker at dagens valg av faglig leder ikke lenger er noen praktisk realitet på grunn av dårlig belønnede stillinger og turordning til å bekle posten. Sjansen for at eksterne instituttledere blir ansatt, er dessuten liten, ifølge dekanen.

– Vi vil ha en bred prosess nedenfra, der miljøene ser behovet for en faglig leder som kan styrke faget og unngå fragmentering, sier Jenssen, som bedyrer at dekanutvalget ikke ønsker en «top-down»-styring av instituttene.

– Fordelingen av oppgaver gjelder det formelle ansvaret, mens kontorpersonalet selv sagt fortsetter med å utøve administrasjonen, presiserer Jenssen.

Dissens

– Trenden som gjør seg gjeldende med dekanutvalgets forslag, er forventningen til den personifiserte leder, noe jeg trodde vi hadde lagt bak oss, kommenterer professor Einar Niemi. Han vedgår at faglig lederskap knyttet til kvaliteter hos enkeltpersoner, er en nasjonal og internasjonal trend i universitetssektoren.

– Jeg oppfordrer likevel til å fokusere på dokumenter om oppgavefordeling, samordning og styringsstrukturer når det gjelder god styring av universitetene, slik man ønsker fra regjeringshold, påpeker Niemi.

Forskerforbundet ved UiTø er helt imot å utlyse og tilsette instituttledere.

– Problemene knytter seg til å finne kvalifiserte folk som instituttledere. Virkemidlene må være forskningsmidler, etterfølgende ekstra forskningstermin, bedre lønn ogsåvidere – ikke tilsetting, hevder hovedtillitsvalgt Egil Børge Mikalsen og leder Monica Martinussen i brev til universitetsledelsen. Forskerforbundet påpeker dessuten at den todelte ledelsesmodellen ved UiTø har fungert godt, noe dekanutvalget også skriver i sine dokumenter.

Universitet aukar avgiftene

Japan: I 2004 gjekk dei statlege japan-
ske universiteta over til å verte ein slags
frittstående stiftingar. Før reforma dekte
staten rundt 65 prosent av utgiftene til
universiteta gjennom øyremerkte løy-
vingar. Universiteta får framleis stort sett
same økonomiske støtte, men no i form av
rammeløyvingar. Universiteta kan fastsetje
studieavgifter sjølve, men auken kan vere
høgst på 10 prosent av standardbeløpet
regjeringa har føreslått. Mange universitet
aukar avgiftene mindre enn maksgrensa,
blant anna for å ikkje skremme vekk søkja-
rar. Ved rundt halvparten av dei 83 nasjo-
nale lærestadene kjem avgiftene til å liggje
på det tilrådde nivået som tilsvarar rundt
32.000 norske kroner. Dette inneber ein
auke på rundt 1,5 prosent, og det er uvisst
om nokre universitet vil nytte høvet til å
krevje høgare betaling.

Tysk strid om Bologna-prosessen

Det føregår for tida ein kompetansekonflikt
mellom delstatane og det føderale nivået i
Tyskland. No har Bologna-prosessen vorte
trekt inn. Den konservative regjeringa i
delstaten Hessen kritiserer den raud-grøne
sambandsregjeringa i Berlin for å ha støtta
kompetansesenter ved 20 lærestader med
4,4 millionar euro i samband med Bologna-
prosessen. Fachhochschule Frankfurt am
Main i Hessen er blant dei som har fått
stønad. Regjeringssjefen i Hessen, Roland
Koch, meiner dette er ei utilbørleg inn-
blanding frå det føderale nivået i utdan-
ningspolitikken til dei enkelte delstatane.
Han omtalar støtta som ein provokasjon,
og seier at kvar delstat skal kunne om-
stille eksamenssystemet i det tempoet ein
ynsker sjølv.

Endra universitetskriterium?

Australia: I ein utgreiingsrapport frå i fjor
kom det framlegg om at ein kunne gje
nemninga universitet til høgskular med
relativt svakt forskningsgrunnlag dersom
desse spesialiserte seg på grunnutdan-
ning. No vert framlegget ført vidare i eit
debattdokument som er sendt ut av det
føderale utdanningsdepartementet. Ein
viser blant anna til den britiske avgjerda
om å kunne gje universitetsstatus til
"teaching-only institutions" òg. Utdan-
ningsminister Brendan Nelson vil oppnå
større breidde i utdanningssystemet, og
han vil òg opne for private universitet og
utanlandske aktørar: "It is worth debating
the requirement for all universities to un-
dertake research as well as teaching", seier
han i ein kommentar. Representantar frå
universiteta kjem med kritiske synspunkt
på denne haldninga.

Ny Arbeidsmiljølov

Midlertidighet senker ikke barrieren til arbeidslivet

Harmoniseringen av Tjenestemannsloven og Arbeidsmiljøloven svekker stillingsvernet både i privat og offentlig sektor. De ansattes organisasjoner krever utredning av vilkårene for regjeringens nye arbeidslivsregulering.

Under arbeidet med å samordne reguleringen av arbeid i offentlig og privat næringsliv blir regjeringen kritisert for å kombinere det svakeste stillingsvernet fra hvert av de to områdene. Adgang til økt bruk av midlertidig ansatte og utradering av kollegial stemmerett i tilsettingsprosessen bekymrer de ansattes organisasjoner i universitets- og høyskolesektoren. Mens Tjenestemannsloven regulerer arbeidsforhold i staten, gjelder Arbeidsmiljøloven for privat og kommunalt ansatte. Et overveldende flertall av UH-sektorens ansatte har sin kontrakt med staten.

Ifølge tjenestemannsorganisasjonene blir stillingsvernet deres svekket når det blir flyttet til den nye Arbeidsmiljøloven.

Stillingsvern

Lovforslaget vil begrense arbeidstakers rett til å "stå i stilling" under rettens behandling av oppsigelse. I dag gjelder loven behandling helt opp til Høyesterett, men regjeringen foreslår å begrense til første rettsinstans.

– For første gang velger man å ta hensyn til en beslutning om oppsigelse som ikke er rettskraftig, konstaterer Forskerforbundets leder Kolbjørn Hagen. Forskerforbundet har dokumentert at mer enn halvparten av sakene hvor arbeidstaker taper i første rettsinstans, blir omgjort enten av Lagmannsretten eller i Høyesterett.

– Hittil har regelverket lagt press på arbeidsgiver for å få til minnelige ordninger, derfor må kravet til rettskraftig dom ikke fravikes, sier Hagen.

Forslag til nye regler for midlertidig ansettelse vekker også bekymring hos arbeidstakernes organisasjoner. Regjeringen ønsker at folk skal kunne engasjeres i mid-

lertidige stillinger inntil seks måneder uten foregående kollegial behandling. Kontrakten kan forlenges inntil ett år, men deretter må arbeidsgiver tilby fast stilling eller avslutte arbeidsforholdet.

– Forslaget kan være bra for arbeidstakere som gjennom ordningen oppnår fast stilling. En slik lov kan imidlertid bli misbrukt av arbeidsgiver til å gi fast stilling til noen som ble engasjert helt vilkårlig etter personlig skjønn i første omgang, påpeker Kolbjørn Hagen. Konsekvensen er at de ansattes stemmerett i tilsettingssaker blir utradert, ifølge Forskerforbundet.

Krever utredning

Under pressekonferansen da Arbeids- og sosialminister Dagfinn Høybråten la fram forslaget til ny Arbeidsmiljølov, sa statsråden at regjeringen ønsker å gi folk som står utenfor arbeidslivet, en lavere terskel for å komme i arbeid. Samtidig ønsket statsråden å gi landets mange småbedrifter enklere tilgang til fleksibel arbeidskraft. Dette ble framstilt som regjeringens beveggrunn for å svekke stillingsvernet.

– Regjeringen påstår at barrieren for å slippe inn i arbeidslivet vil bli mye lavere enn før gjennom midlertidighet, men den har ikke grunnlag for å si noe om dette. Den senkede barrieren er en myte, fastslår Forskerforbundets Kolbjørn Hagen. UH-loven åpner allerede for å holde en ansatt utenfor fast stilling i opp til 12 år før man eventuelt sparker vedkommende. Ytterligere midlertidighet kan ikke åpne for flere i fast stilling, fastslår Forskerforbundet.

Både Norsk tjenestemannslag (NTL), Forskerforbundet og de overordnede arbeidslivs-



– Arbeidsgiver kan komme til å utnytte midlertidig ansettelse til å utlyse tremåneders engasjementer til daglig drift, advarer Ellen J. Lerberg. Hun er tillitsvalgt for Forskerforbundet ved Nasjonalmuseet, som gikk fra å være statlig til å bli stiftelse i 2003. (Foto: Kjetil A. Brottveit)

sorganisasjonene går inn for at regjeringen skaffer seg bedre kunnskap om den nye reguleringen av arbeidslivet. Arbeidslivslovutvalget foreslo også et nytt utvalg da det la fram sin rapport for ett år siden.

– Vi ønsker en helhetlig utredning av vilkårene for embets- og tjenestemenn, ikke bare en utredning om ansettelse og oppsigelse, sier Jon Leirvåg i NTL.

Forskerforbundets Kolbjørn Hagen viser til et "absolutt behov" for et nytt utvalg som kan utrede reguleringen av arbeidslivet etter at de generelle lovene om arbeidsmiljø og tjeneste- og embetsmenn er behandlet politisk.

– Ved tidligere lovendringer har man benyttet enten et partssammensatt utvalg eller et uavhengig lovutvalg for å utrede konsekvensene, noe dagens regjering hittil har forsømt, påpeker Hagen.

Nasjonalmuseet advarer

Ansatte ved Nasjonalmuseet for kunst, arki-

UiS vil ha flere doktorgrader

Det ble avlagt 782 nye doktorgrader i fjor, bare tre av disse ved daværende Høgskolen i Stavanger. Nå har rektor Ivar Langen ved Universitetet i Stavanger (UiS) ambisjoner om langt flere. – Det er litt vanskelig å si hvor mange det blir i år, for noen gjør doktorgradsarbeidet på deltid og bruker lengre tid, men vi bør nok komme opp i cirka 10 disputaser på huset, sier Langen til Stavanger Aftenblad. Da snakker han om egne doktordisputaser, for stipendiater eller ansatte ved UiS gjør også doktorgradsarbeid tilknyttet andre læresteder innen fag der UiS ennå ikke har fått godkjent doktorgrader. I fjor disputerte kandidater fra HiS/UiS til åtte doktorgrader andre steder, først og fremst ved Universitetet i Bergen og NTNU.

Fra Bergen til utlandet

I fjor var rekordmange studenter fra Universitetet i Bergen (UiB) på utveksling i utlandet, melder På Høyden. Flest reiser til Tyskland, medan Cape Town er den mest populære byen. Innan 2008 skal 20 prosent av studentene som avslutter ein bachelorgrad ved UiB, ha vore på utveksling. Tala for 2004 viser at målet er innanfor rekkjevidde. I fjor reiste 386 studenter på utvekslingsopphald som varte tre månader eller meir. Det er ei auke på 105 prosent frå 2001. Fakulteta HF, SV og Mat-nat. sender ut flest studenter, med HF-fakultetet suverent på topp. Mat-nat. har hatt den største auken frå i fjor, men dette fakultetet ligg framleis eit godt stykke unna målsettinga på 20 prosent. Profesjonsutdanningane sender ut færre, med Odontologisk fakultet heilt i botnen av lista, utan utvekslingsstudenter i fjor.

Utdanningskonferanse til NTNU

Trondheim og NTNU skal i 2007 arrangere den årlige konferansen for universitets- og høyskoleansatte som arbeider med internasjonale studieprogrammer, skriver Universitetsavisa. Byen ble plukket ut i konkurranse med flere europeiske storbyer. – Dette har vært en prosess som minner om en søknad til Den olympiske komité om å få arrangere OL, sier rådgiver Wolfgang Laschet ved Internasjonal seksjon, NTNU, til Universitetsavisa. Den internasjonale organisasjonen European Association of International Education med hovedsete i Amsterdam står bak arrangementet. De nærmere to tusen universitets- og høyskoleansatte som kommer til Trondheim 12. – 15. september 2007, vil representere minst 65 ulike land.

tektur og design skiftet fra tjenestemannsloven til å sortere under Arbeidsmiljøloven da museene fikk form av stiftelse i 2003. Regjeringens uttalte mål om å harmonisere ansettelsesreglene for privat og offentlig næringsliv er et håndslag til arbeidsgivers styringsrett, ifølge de ansatte ved Nasjonalmuseet.

– Arbeidsmiljøloven gir et merkbart dårligere stillingsvern enn vi var vant til gjennom personalhåndboken i staten, konstaterer tillitsvalgt Ellen Lerberg i Forskerforbundet ved Nasjonalmuseet. Ifølge Lerberg har en forringelse av stillingsvernet gjort det vanskeligere å samarbeide med ledelsen på arbeidsplassen

etter at man skiftet regelverk.

– Når ledelsen mener de har fått en god idé, skal det ofte mye til å få gjennom arbeidstakernes syn på saken, kommenterer Lerberg. Grunnen til dette ligger i den utvidete adgangen til styringsrett for arbeidsgiver – et instrument som tillater den ene parten på arbeidsplassen å undertrykke den ene andre.

– Vi snakker av og til forbi hverandre fordi man har ulik kunnskap om avtaleverket, og for å avslutte diskusjonen benytter ledelsen seg av styringsretten, forteller Ellen Lerberg.

Av Andreas Høy Knudsen



Ny Embets- og tjenestemannslov
Moderniseringsminister Morten Meyer la 18. mars fram forslag til ny Embets- og tjenestemannslov, samt forslag om opphør av dagens Tjenestemannslov.

– Forslagene vil føre til en svekkelse av fundamentale rettigheter når det gjelder de statsansattes arbeidsvilkår, heter det i en uttalelse fra Forskerforbundet. Forskerforum kommer med mer informasjon om lovforslaget i nr. 5 (utgivelse 2. mai).

Universitetsansatte kan ikke påregne drahjelp fra grunnloven når regjeringen vil ha svekket stillingsvern i Tjenestemannsloven og Arbeidsmiljøloven, ifølge nestor i arbeidsrett Henning Jakhell. (Foto: Forskerforum)

Pris til nevroforskere

Professorene Jon Storm-Mathisen og Ole Petter Ottersen ved Universitetet i Oslo er tildelt den danske Lundbeckfondens norske forskerpris for 2005. Prisen er på 1,5 millioner danske kroner. Begge er forskere innenfor det nevromedisinske feltet. Forskingen som er belønnet går ut på å finne ut hvordan nervecellene i hjernen er utstyrt med signalstoff og hvordan disse signalene brått kan endre seg til giftstoff som kan drepe nervecellene. Forskerne har som et langsiktig mål å finne fram til nye celledrivende behandlingsformer mot forskjellige sykdommer som hjerneslag, Parkinsons og Alzheimers sykdommer. Prisvinnerne poengterer at det ikke er mulig å utvikle nye behandlingsmetoder uten å vite hvordan hjernen og andre organ fungerer under normale forhold. Ottersen er faglig leder for Senter for molekylærbiologi og nevrovitenskap, og Storm-Mathisen er tilknyttet det samme senteret for fremragende forskning.

Forskningsrådet delegerer stipend

Norges Forskningsråd (NFR) gir ti doktorgradsstipend "in blanko" til Gassteknikk senter og Senter for fornybar energi ved NTNU/Sintef, skriver Universitetsavisa. Sentrene samarbeider om prosjekter innen fornybar energi, naturgass og hydrogen, og det blir opp til sentrene selv å bestemme hvem som skal få nytte godt av stipendene. – Forskningsrådet definerer dette som et pilotprosjekt. Det er en modell de ønsker å teste ut, sier professor Bjarne Foss, leder for Gassteknikk senter. Foss tror tilliten til fagmiljøene i Trondheim er styrket etter at NFR nylig evaluerte ingeniørfag. – Det er interessant for oss at vi nå får større råderett over midlene, sier professor Johan Hustad, leder av Senter for fornybar energi, til Universitetsavisa.

Oslo: Mer produktive studenter

Ferske tall fra Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste viser at studentene ved Universitetet i Oslo (UiO) tar flere studiepoeng enn før. I 2002 tok de i gjennomsnitt 31,3 poeng, i fjor 36 poeng. – Jeg går ut i fra at kvalitetsreformen er årsaken, sier fungerende ekspedisjonssjef Rolf Larsen i Utdannings- og forskningsdepartementet til Aftenposten. Seksjonsleder Bente Ringlund i studieadministrasjonen ved UiO peker på tre årsaker til at studentene nå er blitt mer produktive: Tettere oppfølging, flere og mindre eksamener, samt større søkning til UiO – noe som har gitt bedre studenter. Heltidsstudenter skal normalt ta 60 studiepoeng i året. Universitetets mange deltidsstudenter gjør at man er fornøyd med et gjennomsnitt på 36. Foreløpig gir ikke tallene klare svar på hvor mange av heltidsstudentene som gjennomfører studiene på normert tid. Høgskolen i Oslo (HiO) innførte reformen ett år tidligere enn universitetene. Det kan være noe av årsaken til at høyskolen hadde en økning fra 47,1 poeng i 2002 til 53,9 poeng i 2003.

Norsk fagspråk

Etterlyser språkleg medvit

Kvifor heiter ein norsk grad bachelor? Er engelsk eit trugsmål mot norsk som fagspråk? Slike spørsmål kjem ein borti når ein utformar strategidokument for norsk språkpolitikk.

– Termane "bachelor" og "master" er håplause i Noreg, og gode døme på umedviten språkbruk, seier professor Gjert Kristoffersen ved Universitetet i Bergen.

– Kan det ikkje nettopp vere medvoite å tilpasse seg utlandet eller pynte seg med engelsk?

– Eg vil ikkje tillegge departementet aktivistiske motiv.

Domenetap

Kristoffersen leiår ei gruppe som arbeider med eit strategidokument for norsk språkpolitikk (sjå ramme). Det er ikkje importen av engelske låneord han fryktar mest, men at heile samfunnsområde kan vere i ferd med å gå over til engelsk.

– Vi i strategigruppa oppfattar mandatet slik at vi skal føreslå tiltak som styrkar norsk i ei meir globalisert verd. Mange språk i dag er under press og døyr. Som regel er det lokale majoritetsspråk som tek over, men engelsk

er øvst på rangstigen. Dinest kan ein snakke om domenetap, seier Kristoffersen. Det vil seie at norsk språk kan misse bruksområde til engelsk innanfor til dømes næringsliv, teknologiutvikling, underhaldning, forskning og utdanning.

– Forsking og høgare utdanning er eitt av domena der det er ein fare for at engelsk overtek i for stor grad. Mi personlege meinining er at vi ikkje kan unngå engelsk innan dette feltet. Mykje forskning må publiserast på engelsk dersom ein skal ta del i ein internasjonal fagarena der det ikkje er mange som kan norsk, seier Kristoffersen, som meiner det er urealistisk å påleggje folk å publisere på norsk.

– Eg, som professor i nordisk, publiserer ein del på engelsk, og det er ikkje for at universitetet skal få fleste mogeleg poeng. Så uegoistisk er eg ikkje.

Kristoffersen forskar på fonologi og fenomenet tonelag i norsk – "bønder og bøenner" som han kjapt forklarar det.

– Det finst eit stort toneforskingssmiljø internasjonalt. Ei mindre gruppe forskar på skandinaviske tonelag, sjølv om nokre av dei ikkje kan språka, seier Kristoffersen, som òg har skrive ei større bok om norsk fonologi på engelsk for eit internasjonalt publikum.

– Når du er inne på honoreringsystem: Kva meiner du om at publisering i allmenntidsskrift som *Samtiden* og *Syn* og *Segn* ikkje skal telje?

– Eg har ikkje sett meg svært godt inn i honoreringsystemet, men eg er skeptisk til at rammene vert for snevre. Innanfor humaniora er det vanskeleg å skilje mellom formidling til fagfellar og eit større publikum.

Dominoeffekt

Det er nettopp formidlinga til eit større publikum, og ikkje minst til studentane, Kristoffersen er mest nyfiken på å finne ut av. Kor mange førelesingar haldne av norskspråklege, går føre seg på engelsk?

– Vi veit for lite om kva språk som vert brukt på førelesingar når studentane spør, og når dei skriv oppgåver. På dette området kan ein nok gjere mykje for å få til ein rimeleg del norsk, seier Kristoffersen.

Han fortel om ein samtale han nyleg hadde med nokre elevlar frå ein vidaregåande skule i Bergen. Dei hadde spurt matematikk læraren om norske ord for dei engelske nemningane som vart brukte i undervisinga, men der måtte læraren melde pass.

– Dette er berre ein anekdote, men det kan vere eit døme på at den norske fagterminologien ikkje vert vedlikehalden godt nok. Dersom ein går over til engelsk som undervisningsspråk i høgare utdanning, kan det få ein dominoeffekt lenger ned i systemet.

– Kan ein påverke studentar og førelesarar til å bruke meir norsk?

– Det er iallfall viktig å vite kva ein gjer i dag. Kva fører det til at førelesingar er på engelsk? Forstår studentane like godt det som vert sagt? Deltek studentane like mykje, eller klappar dei att? spør Kristoffersen. Han peikar på at det er vanskeleg å halde fullgod kvalitet på førelesingar utanom morsmålet.

– Eg reknar meg sjølv som ganske god i engelsk, men eg veit at eg likevel held betre førelesingar på norsk, seier han.

Potetlandet

Språkpolitikken til Utdannings- og forskingsdepartementet fekk gjennomgå i ein kronikk av fyrsteamanuensis Jan Olav Fretland i førre



– For å sitere eit slagord frå ein konferanse i fjor: «Norsk når vi kan, engelsk når vi må.» Det skildrar både dilemmaet og målet, seier Gjert Kristoffersen.

Dansk satsing på FoU

I regjeringsfråsegna som regjeringa nyleg la fram, heiter det at Danmark skal vere ein leiande vitenskapsnasjon. I 2010 skal dei samla danske FoU-utgiftene gå opp til minst tre prosent av BNP. Forsking og innovasjon skal i det heile teke ha høgste prioritet, og regjeringa vil blant anna satse på helse- og energiområdet. Eit særskilt høgteknologifond skal i 2012 ha ein grunnkapital på tilsvarande ca 17,5 milliardar norske kroner. Regjeringa seier at dei danske universiteta er for små til å hevde seg internasjonalt. Ein vil derfor at universitet og andre institusjonar skipar samanslutningar som kan profilerast internasjonalt. Framlegg til eit nytt finansieringssystem som verkar i den retninga skal leggjast fram. Det skal verte fleire forskingsmidlar som det konkurrerast om, medan grunnløyvingane skal reduserast. Det danske Rektorkollegiet har ynskt programmet velkommen, men åtvarar mot å skjere ned på grunnløyvingane til forskning ved universiteta.

Europeisk kvalitetssikring

Ved Berlin-møtet i Bologna-prosessen i 2003 fekk det europeiske nettverket for kvalitets-sikring (ENQA) i oppdrag å utarbeide sams europeiske retningslinjer for kvalitetsarbeidet. Før neste møte i Bologna-prosessen i Bergen i mai har nettverket presentert rapporten *Quality Assurance in the European Higher Education Area*. Rapporten rettar seg inn mot dei europeiske utdanningsministrane. I rapporten står det framlegg om ei rekkje kriterium som bør vere rettleiande ved kvalitetsgransking av høgare utdanning i Europa. Eitt av utgangspunkta er at det europeiske systemet skal byggjast opp gjennom nasjonal baserte granskingar kombinert med open utveksling av informasjon mellom evalueringsorgana i dei ulike landa. Det kjem òg eit framlegg om at organa som evaluerer utdanninga, sjølve skal verte kvalitetssikra gjennom uavhengige granskingar.

Vil lokke «fattige» studentar

Dei engelske universiteta har auka studieavgiftene, noko som har ført til kritikk om at dei er sosialt elitistiske. No freistar Oxford og Cambridge å gå kritikken i møte ved å opprette særskilde stipendprogram for studentar frå familiar med dårleg råd. Føremålet er, skriv engelske medier, "to get some of Britain's brightest teenagers from poorer backgrounds to apply for places in the face of fears over student debt". Stipenda ved Cambridge kan vere på opp til 9.000 pund fordelt på tre år. Beløpet kan verte over 50 prosent større for eldre studentar. Det konkurrerande programmet "Oxford Opportunity Bursary" tilbyr 10.000 pund på tre år. Både universiteta reknar med at stipendordningane kjem til å koste rundt ein tredel av beløpet som dei ventar å få inn gjennom dei nye studieavgiftene.



Norsk tapar til engelsk på område som næringsliv, underholdning og forskning. (Illustrasjonsfoto: NTNU Info).

nummer av Forskerforum. Han skreiv ei setning som fortener repetisjon: "I redsla for å framstå som pottitland er UFD i ferd med å innføra Noreg som a "potato country"." Fretland, som sit i strategigruppa saman med Kristoffersen, tufta skuldinga blant anna på dette: UFD kom med framlegget om å fjerne formuleringa i Universitets- og høyskolelova om at undervisinga til vanleg skal føregå på norsk. Framlegget møtte motstand på Stortinget, men gjekk gjennom med støtte frå Framstegspartiet.

– Eg er samd med Fretland i at dette var uheldig, seier Kristoffersen. Samtidig gjev han departementet honnør for å ha støtta utgreiingsarbeidet han leiår. Kronikken til Fretland var illustrert med ein potetplante med engelske nemningar, og eg spør:

– Når ein ser på denne figuren av ei potetplante. Er det ikkje dobbeltarbeid å lære seg kva plantedelane heiter på norsk òg?

– Kanskje det er eit nødvendig dobbeltarbeid. Og kanskje det doble perspektivet òg kan gje auka læring og forståing.

– Er dette argumentet godt nok? I mange fagområde dominerer engelsk totalt, og kiofor må ein då gå vegen om norsk?

– Vi talar om skilnaden mellom morsmål og framandspråk. Dei aller fleste av oss er betre til å uttrykke seg på morsmålet uansett. Eg trur heller ikkje det norske fagspråket har vondt av vedlikehaldet som utfordringa frå engelsk bør føre til. Dersom engelsk skal fungere like godt, må ein tenkje i retning av eit fullt språkskifte, og eg kan godt ta den leksa: Det er drastisk. Det vil blant anna seie at ein ofrar språket til to-tre generasjonar, og at kulturarven kjem på eit framandspråk, seier Kristoffersen.

Vi snakkar til slutt om andre samfunnsfelt

der engelsken breier om seg – populærkulturen og næringslivet.

– I stillingsannonsane har engelsk vorte vanleg, til dømes "key account manager". Grunnen er nok at mange firma tilhøyrer internasjonale system, og at dei meir eller mindre medvite bruker den engelske terminologien. Det er ikkje lett å integrere slike ord i ein norsk tekst, men eg såg nyleg eit forsøk – ein annonse med tittelen "kost kontroller". Den er iallfall söt, seier Kristoffersen.

Av Kjetil A. Brottveit

Fakta

Norsk språkråd sette i fjor haust ned ei gruppe som skal utforme eit strategidokument for norsk språkpolitikk. Dokumentet skal etter mandatet drøfte utfordringane og setje opp måla for den nasjonale språkpolitikken. I mandatet heiter det vidare: "Heile arbeidet bør sjåast som eit politisk og strategisk innspel til kulturpolitikken dei neste tjue åra fram til 2025, men gjerne slik at ein legg hovudvekta på det komande tiåret."

Professor Gjert Kristoffersen er leiår for gruppa. Han er professor i nordisk språkvitskap, og for tida forskingsdirektør ved Avdeling for kultur, språk og informasjonsteknologi ved Universitetet i Bergen. Gruppa er på sju medlemmer, og fire av desse kjem frå universitet og høyskolar, dei andre frå departement, media og skuleverket. Dokumentet skal vere klart til hausten og skal presenterast på Språkrådets 2005-konferanse i slutten av oktober.

Stud.mag. får gjennomgå

Den årlige studentundersøkelsen Stud.mag. har tidligere blitt anklaget for svak metodikk. Nå kritiseres fjorårets undersøkelse av forsker Marit Tjomsland ved Rokkansenteret, Universitetet i Bergen (UiB). – Undersøkelsen er dårlig håndverk. Studentene er spurt en til to måneder etter at de begynte å studere. Det blir stilt spørsmål som disse studentene ikke har forutsetninger for å svare på. For eksempel blir de spurt om hva de synes om biblioteket, ikke om de faktisk har vært der, sier Tjomsland til Studvest. I Stud.mag.-undersøkelsen for 2004 kom UiB relativt dårlig ut. UiB og en rekke andre læresteder bestilte egne undersøkelser for å etterprøve Stud.mag. Rokkansenterets undersøkelse strider mot Stud.mag på mange punkter. Blant annet var 36,4 prosent av studentene svært fornøyde med faget sitt, mens tallet var 20 prosent i Stud.mag. Videre var 5,2 prosent misfornøyde med faget sitt, mot 11,6 prosent i Stud.mag., skriver Studvest. Stud.mag.-undersøkelsen er blitt gjennomført hvert år siden 1998 av NIFU og TNS Gallup.

Doktoravhandling direkte på nett

For første gong er ei fersk doktoravhandling tilgjengeleg på Universitetsbibliotekets digitale utgjevingar (DUO), melder Uniforum. Anne-Beate Solås frå Det medisinske fakultetet ved Universitetet i Oslo (UiO) står bak doktoravhandlinga. Alle fakulteta ved UiO har byrja arbeidet med å leggje alle hovudoppgåver og masteroppgåver i elektronisk versjon på DUO. No er turen komen til doktoravhandlingar. Det ligg andre avhandlingar på DUO frå før, men dette er fyrste gongen ei heilt ny avhandling vert lagt ut. – Vi håpar at alle fakultet no vil kome i gang med arbeidet med å leggje alle nye doktoravhandlingar inn i denne databasen. Sidan Det medisinske fakultetet allereie har lagt den første doktoravhandlinga inn i basen, er ei barriere broten, og dei andre fakulteta kan fylgje etter.

Internasjonalt i Uppsala

Universitetet i Uppsala ble nylig best i en evaluering av internasjonalisering ved svenske høyskoler og universiteter. Spesialrådgiver Ulf Lie ved Senter for internasjonalisering av høyere utdanning deltok i evalueringsgruppen. Han mener evalueringen viser at internasjonalisering er en prioritert sak. – Universitetet i Uppsala har omsorg for totaliteten når det gjelder internasjonalisering og er imponerende bevisste på hva de vil med dette arbeidet. Nå er universitetet rett nok Sveriges eldste med røtter tilbake på 1400-tallet, og de har gode forutsetninger fordi Uppsala er en topp skole. De legger vekt på å skape et internasjonalt miljø på campus og har imponerende støtteordninger når det gjelder penger til både ut- og innreise, sier Lie ifølge HiO-nytt. – Andre studiesteder som peker seg ut som interessante på visse områder er Høgskolen i Malmø og det Karolinske instituttet i Stockholm.

Lønsforhandlingar

Forskerforbundet tapte i Oslo

Forskerforbundet ved Universitetet i Oslo fekk ikkje medhald i Statens lønsutval.

– Satsinga på vitskapleg tilsette fell heilt vekk. Dette er eit fundamentalt brot med den vedtekne lønspolitikken ved Universitetet i Oslo, seier hovudtillitsvald Kristian Mollestad.

Forskerforbundet ved Universitetet i Oslo (UiO) gjekk til brot i dei lokale lønsforhandlingane i desember i fjor. Dei var ikkje nøgde med uttellinga til dei vitskapleg tilsette, og saka gjekk til Statens lønsutval. Utvalet har no – mot to røyster – bestemt at det siste tilbodet frå UiO skal gjelde som resultat.

– Det er iallfall positivt at vi ikkje fekk utvalet samrøystes mot oss, seier Mollestad.

Det er 11 år sidan det vart brot i forhandlingane ved UiO. som bruker harde ord om arbeidsgjevarane i denne saka.

– Medviten plan?

– Eg håpar og trur at det ikkje er ein medviten plan å nedprioritere dei vitskapleg tilsette, seier Mollestad. Han reagerer på at denne gruppa, som utgjer 61 prosent av lønsmassen, berre oppnådde 55 prosent av tilbodet. Mol-

lestad meiner arbeidsgjevarane dermed bryt med langtidsplanen for lønspolitikken som vart vedteken av det dåverande kollegiet for perioden 2000-2004.

– I langtidsplanen ligg det ei satsing på dei vitskapleg tilsette som har falle heilt vekk i dette oppgjeret. Arbeidsgjevarane la vekt på at desse forhandlingane er individuelle, men ein må ha noko gruppetenking samtidig, seier Mollestad som presiserer at han ikkje hadde ynskt eit resultat som gjekk hardt utover dei teknisk og administrativt tilsette.

– Dårleg personalpolitikk

Han er spesielt misnøgd med resultatet for doktorstipendiatar og fyrsteamanuensar. Av kring 1000 stipendiatar var det berre *sju* som fekk tillegg.

– Desse to stillingsgruppene fekk langt

Forskerforbundet har òg vore part i brot i Forsvaret og ved Høgskolen i Sør-Trøndelag. For Forsvarets del, trekte alle arbeidstakarpartane saka før ho vart realitetsbehandla i Statens lønsutval.

– Forhandlingane ved Forsvarsstaben er i gang på ny. Dei tek sikte på å forhandle fram til midten av april, seier forhandlings-sjef Rolf Jakobsen i Statens Lønnsutval til Forskerforum.

Forskerforbundet ved Høgskolen i Sør-Trøndelag meinte tilbodet frå arbeidsgjevar braut med vedteken "lokal lønspolitik". Eit samrøystes lønsutval fann ikkje grunn til å "desavuere den vurdering som arbeidsgiver har foretatt", og dermed vart det siste tilbodet frå arbeidsgjevarane ståande.

under pro rata. Arbeidsgjevarane sa eksplisitt at dei ikkje ville prioritere desse gruppene. Vi fekk høyre at førsteamanuensane heller kunne få betre løn ved å søkje opprykk til professor, seier Mollestad. Han meiner at oppgjeret i sum har gått ut over dei mellombels tilsette – ei gruppe som no er på rundt 40 prosent.

– Eg reagerer på at vi slik går i retning av eit A- og eit B-lag. Dette er svært dårleg personalpolitikk.

– *Kva kunne de ha gjort annleis for å få eit resultat de vart meir nøgde med?*

– Kanskje dei vitskapleg tilsette hadde kome betre ut dersom vi hadde ofra dei teknisk og administrativt tilsette, men dette er uaktuell politikk for oss.

– Individuelt grunnlag

Elisabeth Halsen, organisasjons- og personaldirektør ved UiO, var leiар for arbeidsgjevarane i dei lokale forhandlingane. Ho seier til Uniform at ho er usamd med "Forskerforbundets argument som gikk på profil."

– Arbeidsgiver har lagt til grunn at forhandlingene skulle skje på individuelt grunnlag. Vi er tilfreds med at vi har fått medhold i det, seier Halsen til Uniform, og held fram:

– Vi mener at UiOs tilbud ivaretar universitetets målsetninger på en god måte, både personalpolitiske mål og institusjonens overordnede virksomhetsmål.

Av Kjetil A. Brottveit



Doktorstipendiatar og fyrsteamanuensar kom dårleg ut av lønsoppgjeret ved Universitetet i Oslo, meiner hovudtillitsvald Kristian Mollestad. (Foto: Ståle Skogstad)

Nye fremragende utlysninger

Norges forskningsråd viderefører ordningen med Senter for fremragende forskning. Nye utlysninger kommer før sommeren – med søknadsfrist til høsten, melder Forskningsrådet. Planlagt oppstart av de nye sentrene er i 2007. 80 millioner kroner per år er satt av til å finansiere mellom 5-10 nye sentre i løpet av perioden 2007-2011.

Samtidig kommer første runde med utlysninger fra den nye SFI-ordningen (Sentre for forskningsdrevet innovasjon) med søknadsfrist høsten 2005. Hensikten med ordningen er ifølge Forskningsrådet "å bygge opp eller

styrke norske forskningsmiljøer som arbeider i tett samspill med innovativt næringsliv". Den årlige bevilgningen fra Forskningsrådet til det enkelte senteret vil i gjennomsnitt ligge på om lag 10 millioner kroner. Sammen med bidraget fra vertsinstitusjonen og partnerne – industribedrifter og andre næringslivsforetak – vil dette kunne gi et årlig totalbudsjett for hvert senter på ca. 20-30 millioner kroner. Sentrene vil bli etablert for en periode på maksimalt fem år med mulighet for forlengelse i tre nye år etter evaluering fra Forskningsrådets side.

Ny avdeling for forskning

Nærings- og handelsdepartementet (NHD) har opprettet en ny avdeling for forskning og innovasjonspolitik. Hensikten med omorganiseringen er ifølge NHD å øke fokus og gjennomslagskraft ved å samle departementets kompetanse og ressurser innenfor forskning og innovasjonspolitik i en avdeling. Arbeidet med IKT og utdanning legges til avdelingen for å tydeliggjøre og utnytte sammenhengene mellom disse områdene og forskning og innovasjonspolitik. Avdelingen har tre seksjoner: forskningspolitikk og utdanning, næringsrettet forskning og innovasjonspolitik.

Universitetstilstanden

Kvifor er norske forskarar så misnøgde?

– Det står svært bra til med universitetsforskninga. Ressursane aukar, og det vert stadig fleire tilsette. Kompetansenivået er heva, og produktiviteten og kontakten med omverda aukar. Kvifor er forskarane likevel misnøgde?

Magnus Gulbrandsen stilte det retoriske spørsmålet då boka *Forskning ved universitetene* vart lagt fram på eit seminar i Oslo. Han understreka at bekymringa er forståeleg, trass i at mange indikatorar tyder på at det går "bra" med universitetsforskninga. Eit forsøk på å forstå finst i det lett spekulative avslutningskapittelet som byr på ni hypoteser om årsaka til misnøye. Under følgjer nokre av dei i konsentrert og parafrasert form:

Målsetnadene er urealistiske og utydelege. Det har vore politisk semje i Noreg om at FoU-utgiftene, rekna i prosent av BNP, bør opp på OECD-nivå innan 2005. No er vi fjernare målet enn nokon sinne, og ein kan spørje seg om målet er realistisk ut frå næringsstrukturen i landet.

Massifisering og funksjonell overbelastning. Omgrepet massifisering er vanlegvis brukt om studenttalet, men kan òg skildre auke i talet på vitskapleg tilsette, universitet og dei stadig meir samansette arbeidsoppgåvene som må løysast på alle nivå. Forsking krev langsiktig fordjuping og konsentrasjon, noko mange forskarar meiner er stadig knappare "gode".

Sutring som strategi. Er sutring ein strategi for privilegerte samfunnsgrupper? Må ein klage mykje for å få gjennomslag? Kan hende klaginga medverkar til samhald i sektoren?

Forskingsmiljø kan vere dårlege arbeidsmiljø. Negative kollegaer, hardt konkurranseklima og dårleg leing er blant innvendingane

gane som går att frå forskarane sjølve.

Relativ deprivasjon. Dette omgrepet siktar til at ein kjem dårlegare materielt ut enn ei vald referansegruppe. Det vil til dømes seie at universitetsforskarar kan finne næring til misnøye i at andre med like høg utdanning, i både offentleg og privat sektor, tener betre.

– Alle vil ikkje konkurrere

Etter at redaktørane hadde presentert boka, heldt fleire eksterne personar frå sektoren innlegg. Fleire kommenterte at boka ikkje fangar opp dei djuptgripande endringane etter kvalitetsreforma.

Sverker Sörlin er direktør ved Institutet för studier av utbildning och forskning (SISTER) i Stockholm. Han undra seg over korleis dei tilsette kan ta mot stadig fleire studentar og publisere stadig meir – utan at den totale arbeidstida har auka.

– Folk må openbert arbeide hardare etter som dei ikkje arbeider lengre, sa han.

Sörlin meinte slik sett at tidsstudiar kunne ha vore ei anna og utfyllande tilnærming til stoda på universiteta.

Han brukte uttrykket proletarisering om ein situasjon der stadig fleire gjer stadig meir for fleire for stadig mindre pengar.

– Finst det noko som kan kompensere for ei opplevd utarming? Protestane i sektoren den siste tida kan seiast å rette seg hovudsakleg mot kommersialisering, men dette

held ikkje som sjølvforståing aleine, sa Sörlin, som meinte at ein lett kunne hamne i ein regressiv utopi kring autonomitanken. Til slutt brukte han konkurransemetaforar for å skildre arbeidspresset på universiteta i dag:

– Det vert stadig vanskelegare å skilje mellom kva som er trening og kva som er tevling. Alle vil ikkje konkurrere alltid.

Av Kjetil A. Brottveit (tekst og foto)

«Hvorfor uttrykker det norske forskersamfunnet ofte pessimisme – om det kalles misnøye, bekymring, klaging eller noe annet – mens så mange av indikatorene går i «riktig» retning?»

Magnus Gulbrandsen i boka *Forskning ved universitetene*



Magnus Gulbrandsen (t.v.) og Jens-Christian Smeby har redigert boka *Forskning ved universitetene. Rammebetingelser, relevans og resultater*. Sjå òg bokmelding side 24. Boka går inn i serien Kunnskapspolitiske studier – eit samarbeid mellom Cappelen Akademisk Forlag og NIFU STEP.

Dei har teke for seg universitetsforskninga dei 20 siste åra. Det vil seie, det er noko forseinking ute og går, og mykje av det nyaste datagrunnlaget i boka er frå 2001. Boka gjev hovudsakleg eit positivt bilete av utviklinga i perioden: Utgiftene til universitetsforskning har gått kraftig opp. Talet på vitskaplege stillingar har auka med 75 prosent. Delen av arbeidstida som går til forskning, held seg stabil, sjølv om studenttalet har auka kraftig.

Gulbrandsen er forskar ved NIFU STEP og dr. ing. frå Institutt for industriell økonomi og teknologiledelse ved NTNU. Smeby har òg vore forskar ved NIFU STEP, men er no post.dok.stipendiat ved Senter for profesjonsstudier ved Høgskolen i Oslo.

Danmark

SV-fag gir best avkastning

En ny dansk rapport viser at prioriteringen av teknikk og naturvitenskap ikke står i forhold til gevinsten for samfunnet, som er minst like høy for samfunnsvitenskap.

De samfunnsvitenskapelige utdanningene gir den største økonomiske nettogevinsten av alle utdanningsgrupper i Danmark, rapporterer et regjeringsoppnevnt dansk utvalg. Tallene er hentet fra Det Økonomiske Råd, Danmarks mest prestisjetunge offisielle rådgiver. Rådet bygger sine analyser på human kapitalteorien, hvor human kapital inngår sammen

med fysisk kapital og arbeidskraft som input i produksjonsprosessen. Datagrunnlaget er ti prosent av alle aktuelle dansker over en tiårsperiode.

- Den alminnelige diskusjonen gjør innovasjon og fremgang til noen tekniske begreper, og vårt mål er å vise noe annet, sier utvalgets formann Henrik Hassenkam

til Forskerforum. Han trekker fram at samfunnsvitenskap koster atskillig mindre å undervise enn naturvitenskap - 24.000 mot 80.000 danske kroner per år for en landbruksutdanning.

Rapporten viser til godt kjøpmannskap, kulturforståelse og kreativitet som avgjørende for dansk konkurransekraft internasjonalt.

- Det å få et stadig mer komplisert samfunn til å fungere rasjonelt, effektivt og omsorgsfullt, er også en del av framskrittet - og en del av mulighetene for å få tingene til å fungere globalt. Dette er samfunnsvitenskapelige kandidater i høy grad utdannet til, sier Hassenkam til Dagbladet Information.

Utvalget ble nedsatt av vitenskapsminister Helge Sander i fjor sommer for å finne måter å skaffe flere samfunnsvitenskapelige kandidater jobb i privat sektor.

Livsinntekt og privatøkonomisk avkastning i Danmark

Fagfelt	Livsinntekt	Nettogevinst
Humaniora	9,0 millioner kroner	5,3%
Samfunnsvitenskap	11,7 millioner kroner	33,7%
Naturvitenskap og teknisk utdanning	11,3 millioner kroner	31,8%

Kilde: Det Økonomiske Råd, sekretariatet

Av Andreas Høy Knudsen

BNP-andel til forskning

Norge langt bak naboland

Norge ligger langt bak Sverige, Finland og Danmark i utgifter til forskning og utvikling (FoU) målt i forhold til BNP. EU la nylig fram tall som viser at Sverige (med 4,27 prosent) ligger på topp i Europa, langt foran Norge (1,89 prosent i 2003). Norges FoU-andel har likevel økt de siste årene (fra 1,60 prosent i 2001). Tallene i parentes viser prosentandel av BNP i 2003.


1. Sverige (4,27)
2. Finland (3,51)
3. Danmark (2,60)
4. Tyskland (2,50)
5. Belgia (2,33)
6. Frankrike og Østerrike (2,19)

Forskningsinnsatsen øker jamt over i EU. De 25 medlemslandene i EU brukte i gjennomsnitt 1,93 prosent av BNP på FoU i 2002 mot 1,82 prosent i 1998. Landene med lavest FoU-andel av BNP var Kypros (0,33 prosent), Latvia

(0,39 prosent), og Slovakia (0,57 prosent). Den gjennomsnittlige årlige veksten i FoU-utgifter i perioden 1998-2003 var størst i Estland, Kypros og Ungarn (11 prosent). Slovakia og Polen var de eneste landene med negativ vekst i samme periode, henholdsvis en nedgang på 3 og 1 prosent årlig.

I EU samlet økte de årlige FoU-utgiftene med 4,0 prosent i årlig gjennomsnitt i perioden 1999-2002. I USA var økningen til sammenligning 2,7 prosent i perioden 1998-2003, mens den var på 2,2 prosent i Japan (mellom 1998 og 2002). Likevel, de to sistnevnte landene ligger fremdeles langt over EU i FoU-utgifter i prosent av BNP: USA brukte 2,76 prosent (2003), mens Japan brukte 3,12 prosent (2002).

Næringslivet finansierte 55 prosent av FoU-utgiftene i EU i 2001, mens den tilsvarende andelen i USA var 67 prosent (2001) og Japan 74 prosent (2002). EUs målsetning, som den er formulert i Lisboa-konvensjonen, er å oppnå



Norge halser etter sine nordiske naboer. (Foto: NTNU Info)

minst 3 prosent av BNP til FoU for EU som helhet innen 2010. Målet er videre at 2/3 av disse utgiftene skal være finansiert av næringslivet.

Av Kjetil A. Brottveit

Nytt eksamensnivå i Finland

Eit nytt eksamensnivå på dei såkalla yrkeshøgskulane skal innførast i Finland. Dei som har avgitt eksamen ved yrkeshøgskulane kan etter tre år i arbeidslivet forbedre yrkeskompetansen ved å ta "høgare yrkeshøgskuleeksamen". Dei nye utdanningsprogramma skal vere på mellom eitt og halvanna studieår. Føremålet med reforma er at yrkeshøgskulane sjølve skal kunne syte for at kompetansebehova i ulike bransjar vert tekne vare på. Studieplassane for høgare yrkeshøgskuleeksamen skal aukast årleg. I 2008 skal 2.000 personar som har teke grunnutdanning kunne ta til på det vidarekomne studiet.

Selvstuderte stryker på ex.phil.

Det er stor forskjell i strykprosenten mellom de to variantene av ex.phil. ved Universitetet i Oslo, skriver Universitas. På seminarvarianten strøk bare 0,5 prosent sist høst, mens 43 prosent på selvstudiumsvarianten strøk. Seminarvarianten ble opprettet høsten 2003. Den innebærer obligatorisk seminarundervisning med utstrakt veiledning, samt seminaroppgave i stedet for skoleeksamen. Universitetene i Tromsø og Bergen har også større strykprosent ved selvstudiene enn ved seminarvarianten. I Tromsø er strykprosenten henholdsvis 32,8 og 5,7, i Bergen 32 og 1,3.

Nordisk marinakademi åpnet

Forskningsenheten Nordisk Marin Akademi (NMA) ble nylig åpnet. Ideen er å utvikle Nordens kompetanse innenfor marin og fiskerirelatert forskning - marine ressurser, det marine økosystem i sin helhet, bærekraftig utnyttelse, fangst og foredling av marine produkter, samt akvakultur. NMA skal bidra til veiledning og undervisning for nordiske doktorgradsstudenter. Bak NMA står NAF (Nordisk Arbeidsgruppe for Fiskeriforskning) og NordForsk, som hver støtter Akademiet med fem millioner norske kroner over fem år. NMA skal administreres ved Universitetet i Bergen med Arild Folkvord, som direktør.

Huset som fortel

Det er lettare å få fatt i ei hundre år gamal tine enn ein stol frå syttitalet. Dette er ei røynslene til etnolog Birte Sandvik. Folkemuseet på Bygdøy har rekonstruert ein bygard frå Oslo. Studenthybelen frå 1982 og ein komplett heim frå 1979 har vorte publikumsmagnetar.



Det meteorologiske tryllehuset:
Når mannen er ute, er veret dårleg
– men tittar sola fram, så svingar
kona seg ut. Slik sjekka Gunda
Eriksen veret på femtitalet.

